

# indremisjons Venner

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

03 - 2011

Med  
Årsmelding  
**2010**

**VELKOMEN TIL SOMMARENS STORSAMLING**  
Årsmøte i Ølen 24. - 26. juni

Guds  
gode  
vilje!



Layout: Jan-Ove Fagerheim  
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S  
Red.: Svein Bjarne Aase  
Indremisjonssamskipnaden  
Postboks 150, 5401 STORD  
Tlf.: 53 41 07 04  
Fax: 53 41 27 40  
Postgiro: 7877.08.43366  
Bankgiro: 8220.02.80454  
Kontortid: 09.00 – 15.00  
Heimeside: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
E-post: post@indremisjonen.no

**Samskipnadsstyret:**  
Edmund Thormodsæter, formann  
Birgit M. Hjelmeland  
Halvard Wiik  
Iren Sævik Mæland  
Torunn Tvedt  
Bjørn Saghaug  
Kristoffer Tjelle  
Varamedlemmar:  
Kåre Stautland  
Knut O. Dale  
Andreas R. Evensen

**Dagleg leiar:**  
Svein Bjarne Aase  
Telefon 47 26 13 40

**Helgatun**  
5713 VOSSESTRAND  
Telefon: 56 51 98 98  
Telefax: 56 51 98 99  
Bankgiro: 8220.02.80497  
Styrar: Solveig Norheim  
Heimeside: [www.helgatun.no](http://www.helgatun.no)

**Brandøy**  
5584 BJOA  
Telefon: 53 76 98 81  
Bankgiro: 8220.02.80470  
Husmor: Sigrun Thormodsæter

**Framnes KVGS**  
5600 NORHEIMSUND  
Telefon: 56 55 05 00  
Telefax: 56 55 13 92  
Bankgiro: 8220.02.80292  
Rektor: Harald Voster  
Heimeside: [www.framnes.vgs.no](http://www.framnes.vgs.no)

**SunnBok**  
Postboks 23, 5401 Stord  
Telefon: 53 41 20 01  
[www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no)

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

# Leiar

Svein Bjarne Aase  
Dagleg leiar



## ÅRSMØTESTEMNING!

Eg hugsar godt det fyrste årsmøtet eg var på i Indremisjonssamskipnaden. Det var på Tysnes. For ein ungdom på 19 år var det overveldande å sjå og møta den store forsamlinga som var samla. Eg skulle presenterast som ny eittåring under forhandlingsmøtet og var nok spent på det. Jan Gossner hadde bibeltime over temaet "Land, land, land hør Herrens ord". Bibeltimen gjorde sterkt inntrykk! Det var forkynning som utfordra til kall og teneste. "Heng hjarta ved tingene eller henge det ved Herren? Me treng tenrarar som vil gå med evangeliet".


I tillegg til forkynninga er det også andre ting som sit sterkt igjen i minnet etter dette årsmøte. Årsmøtestemninga rundt matbordet, ute på vegane, i køen inn til møta... Og så var det dei gode, faste handtrykka frå eldre menneske som såg deg inn i augo, knepte neven så eg nærmast kjenner det enno, og med varme gav oppmuntrande ord. Mange av handtrykka var frå folk eg ikkje hadde sett før. Det gjorde eit sterkt inntrykk! Alt dette betydde svært mykje for ein ungdom som var på årsmøte for fyrste gong.

I Haugiansk frukt står det å lesa: "Årsmøta i Samskipnaden har hatt mykje å seia for kristenlivet, og dei har gjort mykje til at kristenarbeidet vann inn i bygdene våre. Det fortelst frå ei stor bygd at arbeidet å Samskipnaden var lite kjent, og folk flest ansa ikkje oppslaget om årsmøte som skulle vera i bygda. Men då dei såg kor mykje folk det samlast, og då dei hørde songen og merka gleda mellom årsmøtefolka, stimla heile bygda saman og fekk eit inntrykk av arbeidet og eit kall frå Gud, som dei seit gløymde."

Så er det med glede, spaning og forventning me inviterer til Sommarens Storsamling, Årsmøte i Ølen, 24.-26. juni. Her er lagt opp til eit variert program som skal høva for heile storfamilien. Me bed om at Herren må vera oss nær, og at samlinga i Ølen skal bli til oppmuntring, inspirasjon, kall og fornying.

Også i år skal me presentera nye eittåringar-T2 studentar. Måtte dei, saman med alle oss andre, få oppleva årsmøtestemninga, bli gripen av sterkt forkynning, møta varme, faste handtrykk og oppmuntrande ord. Kjenna søskenkjæleiken som bind oss saman og set oss i stand til å fullføra oppdraget. Så vil me i begeistring ropa ut: "Land, land, land hør Herrens ord!"


Velkommen til Sommarens Storsamling, Årsmøte i Ølen!



Ynskjer du å gi ei gâve til Indremisjons-samskipnaden, kan du senda den til konto 8220.02.80454. Då går gâva direkte til Samskipnaden.

Dersom du ynskjer skattefrådrag på gâva må den sendast til konto 8220.02.80632 og merkast med ditt personnummer og "Gâve til Samskipnaden".

GÅVEBAROMETRER:  
lagsgåver, gâveaksjonar  
og gjevaruteneste pr. 31. mars 2011



# Andakt

Av Gunnar Ferstad



## Disippelen Maria

"...Hun satte seg ved Jesu føtter og lyttet til hans ord." Luk 10,39

Lukas tegner et enkelt, lefftattelig og nydelig bilde av det å være en Jesu disippel. Disippelskap handler om å sette seg ned. Sette seg ved Mesterens føtter og lytte. Bare lytte. Lytte for å lære. Lytte for å leve. Lytte for å utfordres. Lytte for å formes. Lytte for å trøstes. Lytte for å gledes. Lytte for å mettes. Lytte, bare lytte.

Å være en disippel er per definisjon å lytte. Det høres så enkelt ut når det sies slik. Bare lytte? Livet har lært oss at det er ikke så enkelt. Det er slett ikke enkelt i det hele tatt å bare sette seg ned for å lytte. Det er ikke engang enkelt å sette seg. Det er så mye enklere å stå, eller gjøre noe. Være opptatt med å lage noe eller klage på ett eller annet. Men det er nødvendig å sitte. Ja, Jesus, Mesteren selv sier at: "ett er nødvendig, og Maria har valgt den gode del, som ikke skal bli tatt fra henne (Luk 10,42)

Å sitte ned ved Jesu føtter hører med til nødvendighetene. Hva tenker du er blant nødvendighetene for en Jesu

disippel? Hvor høyt ville aktiviteten: "sitte og lytte" komme på din liste? Hvor lenge satt hun der? Vet ikke. Hva var det Jesus sa akkurat den dagen? Vet ikke. Men hun satt der. Satt der og lyttet til Mesterens ord. Ord som skapte tro i hennes hjerte. Ord som senere skapte håp i møte med livet, sykdom og død.

I Jesaja 50,4, finner vi ett uttrykk som vi gjerne kan gjøre om til bønn: "Vekk mitt øre hver morgen, vekk det for at jeg kan høre som disipler hører".

"...Da hun hørte det, stod hun fort opp og gikk til ham" (Joh.11,29) " Hun reiser seg. Fort. Slik må det være for en Jesu disippel. Før eller senere må de reise seg. Å være en disippel er per definisjon å reise seg. Gå ut. Gå ham i møte. Det er en tid for å sitte og en annen for å gå. Gå for å være der Mesteren er. I hans nærhet. Lære, ikke bare ved å høre, men ved også å se. Se hvordan Jesus møtte mennesker. Se hvordan Jesus tjente andre. Vasket føtter. Se hvordan han gråt. Se hvordan han ba for syke. Se hvordan han modellerte. Se hvordan han gav seg selv: led, døde og stod opp igjen.

Slik pendler det gode disippellivet, mellom å sitte og gå. Som to senter i en ellipse. Mellom å lære og gjøre. Mellom å være og å tjene. Hvile og arbeid. Å være en disippel er å følge sin Herre: når han ber oss sitte og når han ber oss gå.

BØNEKORT  
FOR  
SOMMARENS  
STORSAMLING



ÅRSMØTE I  
ØLEN  
24.-26. JUNI

Talar:  
Gunnar Ferstad

Song:  
4U og Sunnhordlands-  
musikken m.fl.

- BE  
- for talarane, song og  
musikkrefte  
- for barne- og ungdoms-  
opplegget  
- for årsmøtesaker  
og val  
- om kall til teneste  
- fornying og vekking  
- om rikt og godt  
fellesskap

## SOMMARSTEMNE 2011

### 29. mai

Sommarmøte i Herand bedehus  
s.m. Alsåker og Vines Indremisjon  
Talar: Knut Kvamme

### 2. juni

Fitjar bedehus - Venestemne  
Talar: Karl Johan Halleraker

### 12. juni

Tysnes - Pinsemøte i Uggdal kyrkje  
Talar: Liv Rolfsnes

### 19. juni

Moster Amfi  
Talar: Arne Opsahl-Engen  
Song: Praise Him

### 14. august

Varaldsøy  
Talarar: Marit A. Røen og Liv Rolfsnes

### 14. august

Solheimsdalsstemne  
Tale og song: Aksel Ingvard Johannessen

### 21. august

Brandøydagen  
Talar: Klaus Muff og Marit A. Røen  
Song: Rejoice



# Vandring i bedehusland

v/ Kåre Steinsund



Det var ei natt denne overskrifta kom "dettande", og eg tenkte: Ja, vandra i bedehusland, det har eg gjort i heile mitt liv! Kanskje eg kunne skriva nokre småstykker til "Venen", -fortelja litt om laust og fast, smått og stort om opplevingar eg har hatt og inntrykk eg har fått undervegs?

Det er nok mange menneske som tenkjer negativt om bedehuset, dessverre. Så når no ein mørkemann frå det mørke fastland skal fortelja litt om dette "no-utgått-på-dato-huset", då skal det verda greier!

Det har undra meg ofte kor sterke påstandane kan vera hos dei som knapt har sett sine føter innom bedehusvegane, og som truleg heller ikkje har vore så heldig å råka bort i ein mørkemann! Det er som om eg skulle uttala meg om regjeringskvartalet i Oslo, og dei personane som held til der. Eg har aldri vore der, og kjem truleg aldri til å koma der!

No må eg nok innrømma, så mykje eg har vandra i bedehuslandskapet, at alt ved bedehuset ikkje er rosenrødt. For å bruka eit velkjent uttrykk: Bedehuset har mykje å gå på!

Likevel: Desse småstykkja vil for mitt vedkomande munna ut i ei sterk kjærleikserklæring! Bedehuset vart, og er, min andre heim. Eg skal fortelja litt om kvifor.

-> Fortset i neste nr av "Venen".

## Reiseruta juni, juli og august

### Svein Bjarne Aase

30.05-01.06 Tur Stord IM Pensjonistlag  
08.-14.06 Bornholm  
19.06 Moster Amfi  
24.-26.06 Årsmøte Ølen  
01.-07.07 SI-Reiser  
08.-12.07 Familieir Helgatun  
20.08 Arbeidermøte  
21.08 Brandøydagen  
28.08 Moster Indremisjon  
28.08-02.09 Sunnhordlandstreff Ytre, Helgatun

### Marit Ådnanes

24.-26.06 Årsmøte Ølen  
28.-30.06 Minileir Brandøy  
30.06-03.07 Ten-sommar Helgatun  
11.-14.08 Active-ten Brandøy  
20.08 Arbeidermøte  
21.08 Brandøydagen  
26.-28.08 Landsmøte ImF-Ung

### Ragnhild Nesse

24.-26.06 Årsmøte Ølen  
28.-30.06 Sommarleir Helgatun  
30.06-03.07 Ten-Sommar Helgatun  
11.-14.08 Active-ten Brandøy  
20.08 Arbeidermøte  
21.08 Brandøydagen

### Lise Marie Th. Litlabø

24.-26.06 Årsmøte Ølen  
28.-30.06 Sommarleir Helgatun  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Kåre Johan Hamre

05.-06 Steinsdalen Krins  
24.-26.06 Årsmøte Ølen  
01.-04.07 Sommarleir Brandøy  
08.-12.07 Familieir Brandøy  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Liv Rolfsnes

12.06 Tysnes Kyrkje  
24.-26.06 Årsmøte Ølen  
28.-30.06 Minileir Brandøy  
01.-02.07 Evangelisering  
Bluesfestivalen, Skånevik  
14.08 Varaldsøy Misjonsforening  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Marit A. Røen

05.06 Norheimsund Indremisjon  
28.-30.06 Sommarleir Helgatun  
01.-04.07 Sommarleir Brandøy  
14.08 Varaldsøy Misjonsforening  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Arne Opsahl-Engen

19.06 Moster Amfi  
  
**Aksel Ingvard Johannessen**  
24.-26.06 Årsmøte Ølen  
14.08 Solheimdalsstemme  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Toralf Steinsland

24.-26.06 Årsmøte Ølen  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Jens Tveit

05.06 Gilje og Thormodsæter Indremisjon  
24.-26.06 Årsmøte Ølen  
15.-19.08 Sunnhordlandstreff Ytre, Helgatun  
20.08 Arbeidersamling  
21.08 Brandøydagen

### Karl Johan Hallaråker

02.06 Venestemne, Stranda Indremisjon  
09.-13.06 Pinsetreff Helgatun

### Gunnar Ferstad

24.-26.06 Årsmøte Ølen

**Klaus Muff**  
08.-14.06 Bornholm  
01.-07.07 SI-Reiser  
21.08 Brandøydagen

### Miriam Sakseid

24.-26.06 Årsmøte Ølen  
28.-30.06 Minileir Brandøy  
01.-04.07 Sommarleir Brandøy  
08.-12.07 Familieir Helgatun  
11.-14.08 Active-ten Brandøy

### Marit Stokken

31.08-04.09 Børmlø kvinneforening

# SOMMARSTEMNE I MOSTER AMFI

## Sundag 19. juni kl. 11.30

Velkommen til eit strålande sommarstemne med program for heile familien.

Dei musikalske innslaga står Praise Him frå Fitjar for. Prais Him er ei songgruppe med 5 damer i 30 års alderen. Dei syng med piano og noko acappella. Denne gruppa har sunge saman i om lag 4 år og opplever det flott å få vera i ei teneste der dei syng evangeliet om Jesus Kristus. Praise Him har etterkvert blitt ei etterspurt gruppe. I fjor var dei mellom anna med på det store arrangementet "Singing in the city" i Stavanger. Me gler oss til å høyra dei på Sommarstemne i Moster Amfi.

Talar er skuleprest på Framnes, Arne Opsahl-Engen. Arne er kjend for si engasjerande forkynning og gode formidlingsevne som gjer at han treff menneske i alle aldrar. Etter mange år på Framnes er han blitt godt kjend i heile Samskipnadsområdet, og me ser fram til at han skal forkynna evangeliet på stemnet.

Det er viktig at også borna kjem på misjonsstemne. Dei vert med oss i starten på møtet, og så er det lagt opp til eigen sundagsskule i Amfisalen.

Amfikafeen er open, med sal av bl.a. vikingsodd, kaffi og vafler. I tillegg blir det grilling og ulike familieaktivitetar på kyrkjestølen utover ettermiddagen.

**Set av dagen og gled deg til  
eit strålande misjonsstemne!**



Arne Opsahl-Engen



Praise Him

## Glimt frå Brandøy-treffet!

Brandøy-treffet er eit helgeopphold som er tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming.



Helga 18. til 20. mars var vi samla til det årlege Brandøy-treffet. Flokken var ikkje den største, men vi fekk ei gild helg i lag. Jan Ove Totland hadde bibeltimane. Her fekk me høyra om at Gud skapte menneska i sitt bilet, og at vi alle er verdfulle i Guds auge.

Me fekk også høyra om korleis ormen lokka menneska til å synda mot Gud. Men Gud elskar oss så høgt at han sende Jesus for å døy for syndene våre! Og krossen vart brua over det skiljet som synda hadde skapt.

Song og musikk er ein viktig del av Brandøy-treffet. Kjell Saue fekk deltakarane med på notane - i år som før! Har du ynske om ein song, eller du vil oppstre eller spela trommer, er han ikkje vanskeleg å be!

Laurdag ettermiddag var det sett av ei økt med hobbyarbeid. Bjarne Krohn-Lie og Wenche Alfsvåg hadde laga til fine formingsoppgåver. Her kunne du mala eit kjekt lite sett med bord og stol, tova eller laga sommarfuglar.

I andakten fredag og laurdag kveld fortalte Kåre Johan Hamre om at Jesus leitar etter det bortkomne - og om den reine, kvite drakta vi får av Jesus når vi kjem til han.

Elles er det mangt anna som er verd å få med seg ei slik helg - det kan vera ein tur ned til sjøen, pizzaen laurdag kveld (!), praten og stemninga kring bordet eller berre det å spela spel i peisestova. Men det finn du best ut om du tek turen hit sjølv. Du er hjarteleg velkommen!

K. J. H.

# Leiarar sommaren 2011

## Indremisjonssamskipnaden

Tlf 53 41 07 04, post@indremisjonen.no, www.indremisjonen.no



### Brandøy

#### Minileir

28.-30. juni

2.-5. klasse

Pris kr 510,-

#### Sommarleir

5.-7. klasse

1.-4. juli

Pris kr 670,-

#### Familieleir

8.-12. juli

3-7 år: kr 600,-

8-12 år: kr 725,-

13-16 år: kr 820,-

Vaksne: kr 1.320,-

Maks fam. pris: kr 4.100,-

#### Active-ten

8. klasse og oppover

11.-14. august

Pris kr 750,-

NB! Alderen på  
alle sommarleirane gjeld  
for det klassesettet du er  
ferdig med til sommaren

Husk  
Sommarens Storsamling  
i Ølen 24.-26. juni

UL i Kongeparken  
2.-6. august for deg som  
er 15 år og oppover.  
Sjekk [www.ul.no](http://www.ul.no)



### Helgatun

#### Superhelg

27.-29. mai

0-9 år m/følge

3-9 år kr: 330,-

Vaksne: kr 650,-

#### Sommarleir

28.-30. juni

2.-4. klasse, Pris kr 510,-

5.-7. klasse, Pris kr 550,-

#### Ten-sommar

30. juni - 3. juli

8. klasse og oppover

Pris kr 750,-

#### Familieleir

8.-12. juli

3-7 år: kr 550,-

8-12 år: kr 700,-

13-16 år: kr 820,-

Vaksne: kr 1.490,-

Maks fam. pris: kr 4.620,-



**ims**

Indremisjonssamskipnaden



Oskar Feed  
Formann i hovudkomitéen

# Velkommen til Ølen

## Årsmøte 24.-26. juni 2011

Historia fortel oss at det ikkje er så mange år sidan vi hadde årsmøte i bygda. Det var siste gong i 2003 og det store årsmøte i 1993.

Åra går fort og nå er det ei stor glede å få ynskja Årsmøte/Storsamlinga velkommen til Ølen i slutten av juni. Vi har nærliggjande, gode lokale, god parkering og fin båthamn. Overnatting må bli på Brandøy, i båt, campingbil, campingvogn eller hotell kan vera akutelt. Kanskje de og har private de kan ta inn hos. Velkommen!

Vi ynskjer at årsmøte skal få bli ein matstasjon - inspirasjonsstund for alle. Nå kan de møtast- alle de som er med i misjonsarbeidet, i misjonsforeininga, barnelaget, ungdomsarbeidet o.s.v. eller du som ikkje er med i noko, men som har lyst på ein tur til Ølen.

I indremisjonen er vi alle viljuge til å la seg bruka av "Høstens Herre" for å nå ufrelste med evangeliet. Ute og heime skal vi få fortelja om Gud som har passa på oss frå før vi var fødde, medan vi vaks opp, som unge og som vaksne. Gud held si hand på ein særskilt måte over kvar den som tek si tilflukt til han.

I dei siste tider har vonde scener komme for oss på TV-skjermene og i avisene. Naturen sine enorme krefter syner oss at overfor alt dette er menneska svært sårbarer. Eit menneskeliv blir så fort endra. Livet er borte på eit blunk eller det er snudd på hovudet på sekunder.

Til alle tider har menneske spurta: Kor er du Gud? Slike alvorlege spørsmål er ikkje rett å gje lette svar på.

I Bibelen står det 365 gonger: "Vær ikkje redd". Når redsle og gru kjem over oss, lyser JESUS fram for alle som kallar på hans namn. JESUS har sigra over alt.

Vidare står det:  
Frykt ikkje, sjå deg ikkje ottefull ikring.  
Eg er din Gud som hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.

La oss alle ta dette ordet til oss.  
Vær med å be for Årsmøte i Ølen.  
**VELKOMMEN!**



Edmund Thormodsæter  
Formann

## Glede i himmelen!

attende". "Då gjekk han i seg sjølv": såg verdien av fellesskapet heime og blant kristne. Me kan kanskje tenkje at dette var ein stor syndar, men den som ikkje trur, er like langt borte og må bli frelst på same måte.

"Medan han var langt borte fekk faren sjå han". Slik ser Gud etter den som er kome bort frå han. Gud tek i mot den som kjem med opne armar utan fordøming. Slik må me møta dei som kjem. Korleis hadde det vore om det var broren som møtte han først? "Eg er ikkje verdig å vera sonen din lenger, men leigekar". Slik er det ikkje hjå Gud, alle som kjem får like vilkår. Glede i himmelen, Luk 15,7. Så stort ser Gud på kvart menneske som vender om. Denne gleda må òg bli vår, me som trur, når nokon vert frelst. Men me må òg glede oss over dei som er frelst. Men uansett kor langt borte frå Gud ein går, er det berre eitt steg tilbake.

Ein av dei finaste tekstane i Bibelen slik eg ser det, finn me i Lukas 15,11-32; Den bortkomne sonen. Teksten kan òg vera eit bilet på ein god og trygg heim, det ser me på tankane som sonen gjorde seg då livet vart vanskeleg. Faren kan òg vere eit bilet på Gud. Etter syndefallet kom alle bort frå Gud og treng då å bli frelst. Sonen her levde i barnetrua si, men kanskje blei det litt snevert, han ville ut å vera fri, bort frå alle bod og reglar.

Mange har nok tenkt slik, men denne fridomen vart ikkje som venta. Me høyrer ofte når nokon blir frelst: "Eg skulle aldri ha sløst livet mitt bort frå Gud, men eg er glad eg er komen

## Velkommen til årsmøte!

Det er ei glede å ynskje velkommen til årsmøte i Ølen, 24.-26. juni. Me er takksame for at indremisjonsfolket i Ølen ville ta på seg den store oppgåva å vera vertskap. Det er mange viktige saker som skal presenterast og avgjera på årsmøte og danna grunnlag for vidare arbeid. Likevel så er forkynninga av Guds ord det viktigaste. IMS si hovudoppgåve er å leggja til rette for at den bortkomne son/dotter kan koma heim og få et fellesskap å tilhøyra. Dette er eit stormøte, mykje folk samlast, men likevel må den eine vera i fokus. Slik også då Jesus gjekk rundt på jorda. Me ynskjer at den som ikkje har møtt Jesus må få møta han, og at den enkelte kan få nytt mot og koma inspirert heim til bygda og forsamlinga si. Lat oss vera i bønn om at me får rike årsmøtedagar.

# SOMMARENS STOR ÅRSMØTE I ØLEN 24. - 26. JUNI

Foto: Torleif Staveland



**ims**  
Indremisjonssamskipnaden

*Gunnar Ferstad*  
Forsamlingsleiar  
i Betlehem, Bergen

## Fredag 24. juni:

- Kl. 18.30 - 20.00 Registrering og innkvartering i Ølen Idrettshall  
Kl. 20.00 Konsert "**Minnest du songen**" - Idrettshallen  
Husorkester m/songarar frå Kvam,  
Sissi og Johannes Kringlebotten, Miriam Sakseid m.fl.  
Sal av pølse og brus, kaffi og kaker

## Laurdag 25. juni:

- Kl. 09.00 – 10.00 Registrering og innkvartering - Ølen Idrettshall  
Kl. 10.00 **Barnas Sommarfest** - Kyrkjetonet  
Kl. 10.00 **Opningsmøte** - Idrettshallen  
Helsing v/ varaordførar og formann  
Bibeltime v/Gunnar Ferstad "Guds gode vilje"  
Song: Husorkesteret m/songarar  
Kl. 11.30 **Forhandlingsmøte** - Idrettshallen  
Kl. 11.45 Gøy i Parken. Trylling - appell - song  
Kl. 13.00 Middag - Kulturhuset  
Kl. 14.00 **Barnegospelfest** - Idrettshallen  
Servering: Pølse i brød m/saft  
Kl. 14.30 **Forhandlingsmøte** held fram i Kyrkjetonet  
Kl. 17.00 **Familiekonsert** - Idrettshallen  
"Bedre sammen" SHOW m/ 4U og barnekor. Kollekt  
Kl. 18.30 Kveldsmat - Kulturhuset  
Kl. 20.00 **Stormøte** - Idrettshallen  
Tale: Gunnar Ferstad - Song: Sveinung Andersen  
Husorkester m/forsongarar  
Presentasjon av arbeidarane m.m. Misjonoffer  
Sal av kaffi og kaker, pølser og brus etter møtet  
Kl. 22.30 **Ungdomskonsert** - Idrettshallen

## Sundag 26. juni:

- Kl. 10.00 **Bønesamling** - Foajeen i Kulturhuset  
Kl. 11.00 **Festmøte** - Idrettshallen  
Tale: Gunnar Ferstad - Husorkster - Forsongarar  
Song: Sunnhordlandsmusikken og Sveinung Andersen  
Misjonoffer - Presentasjon av styret m.m  
Kl. 11.00 **Show-it** - Kyrkjetonet  
Kreativ barnesamling og aktivitetar  
Gunhild Osaland og Liv Herborg Wold,  
4U, Lise Marie Litlabø m.fl.  
Kl. 13.00 Middag - Kulturhuset  
Kl. 14.30 **Storfamiliemøte** - Idrettshallen  
Song: Sunnhordlandsmusikken og 4U  
Familieandakt: Gunnar Ferstad  
Misjonoffer til Brandøy/Framnes/Helgatun

### For meir info og påmelding:

Indremisjonssamskipnaden, tlf 53 41 07 04  
eller påmeldingsskjema: [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

Melinda  
E. Lover  
& 4U

Guds  
gode  
vilje!



# SAMLING

**BARNEGOSPELFEST**  
LØKKNEDAG  
25. JUNI  
Ølen Idrettshall

Lukar du å synge?  
Skal du bygga på skulen til hanstova  
eller er eldre?  
Då er du invitert til å vera med i feriegong  
og dans av gjengen i 4U!  
Det kostar kr. 120,- per vokalist med og  
T-skjorte.

Festen startar kl 14.00

**"Bedre sammen"-SHOW!**  
for heile familien kl 17.00

**Påmelding**  
Sommerens storsamling  
24.-26. juni (Indremingjessmønaden sitt Areanete i Ølen)

**ims**



Stort Barnekor OG 4U



Sunnhordlandsmusikken



Husorkester



Sissi og  
Johannes Kringlebotten

**Barn**

**Laurdag 25. juni**

- 0930 Registrering av barna i Kyrkjefunet
- 1000 Barnas Sommarfest i Kyrkjefunet.  
m/song; andakt og lekar. Etterpå fortset me slik:  
Barneopplegg medan dei vaksne er på  
forhandlingsmøte
- Kongebarna (under skolen) Aktivitet på Kulturhuset for  
møting. Flere middag. Lok og  
målt i barnehagen
- Stjernegjengen 1.-4. klasse  
"Gøy i parken", bokhåndverk  
og kulturregg virksomhet  
Hobby og spesialitet
- Jungelgjengen 5.-7. klasse  
"Gøy i parken", bokhåndverk  
og kulturregg virksomhet.  
Trommebildung og  
spedramat
- 1145 Gøy i parken (Joa-Kari). Trylling, appell og song
- 1300 Middag i Kulturhuset (foreidra herjar bora)
- 1400 Barnegospelfest i idrettshallen  
For pris og info sjekk plakat på nettsida.
- 1430 Forhandlingsmøte og barneopplegg fortset for deg  
som ikke er med på barnegospelfesten. Met opp  
i barnehagen ved skulen. Kl 1630 avslutter  
barneopplegget og barna må hentast.
- 1700 "Bedre-sammen"- SHOW med 4U  
og stort barnekor
- 1830 Kveldsmat i Kulturhuset
- 2000 Stormate

**Søndag 26. juni**

- 1100 Festmate i idrettshallen. Show-it og aktivitetar for  
barna i Kyrkjefunet. 4U vert med. Barna matar i  
Kyrkjefunet og må hentast kl 1250.
- 1300 Middag i Kulturhuset
- 1430 Storfamiliemate i idrettshallen der mellom anna 4U  
vert med.

**Ungdom**

**Fredag 24. juni**

- 2000 Sang og musikkmat i Ølen  
Sal av mat.  
Me niser Brandøy og har bålkop ved stranda  
Overnatting i hytter, lavvo eller i hallen


**Laurdag 25. juni**

- 0800-0900 Feltstrukost
- 0930 Arende til Ølen
- 1000 Oppnigmata i Ølen/bamas sommarfest
- 1145 Gøy i parken! (Ølen sentrum)  
Etterpå  
Me klyter til Brandøy og har eigne aktivitetar  
fram til konsernet kl 1700 i Ølen  
Vannaktivitet, badning, beach volley og konkurransar.  
Med et middag på Brandøy
- 1630 Arende til Ølen
- 1700 "Bedre-sammen"- SHOW med 4U
- 1830 Kveldsmat i Kulturhuset
- 2000 Stormate  
m/Gunnar Førstad,  
Svennsmund Andersen
- 2230 Ungdomskonsert  
Etterpå: Me niser til Brandøy  
Nattsmiling under stjernehimmel

**Søndag 26. juni**

- 1000 Feltstrukost  
Etterpå: Samling ute i det fri på Brandøy
- 1230 Arende til Ølen
- 1300 Middag i Kulturhuset
- 1430 Storfamiliemate i idrettshallen der mellom anna  
4U vert med.

Pris:  
kr 350,- for  
heile høgda!



SVEINUNG  
ANDERSEN

Guds,  
gode  
vilje!

**INNMELDINGSSKJEMA  
ÅRSMØTE I INDREMISJONSSAMSKIPNADEN  
ØLEN 24.-26. JUNI**

	<b>NAMN</b>	<b>UTSENDING</b> (set x)	<b>MÅLTID</b> (set x for dei måltida de ynskjer) Born mellom 4 og 18 år, halv pris Barnemeny laurdag: karbonade - potetmos - dessert kr. 50,-		
	<b>VAKSNE</b>		Middag laurdag kr. 160,-	Kvelds laurdag kr. 80,-	Middag søndag kr. 100,-
1					
2					
	<b>BORN</b>	<b>ALDER</b>	Vanleg middag	Barne meny	
1					
2					
3					
4					

Eg/vi ynskjer privat innkvartering  (set kryss om du ynskjer privat innkvartering)

ADRESSE \_\_\_\_\_

TELEFON \_\_\_\_\_

	<b>NAMN BORN</b>	<b>ALDER</b>	<b>BARNE- OG UNGDOMSOPPLEGG</b> (set x for val)			
		Kongebarna Under skulealder	Stjernegjengen 1.-4. klasse	Jungelgjengen 5.-7. klasse	Ungdomsopplegg 8. klasse og eldre fredag – lørdag inkl. mat og overnattning kr. 350,-	Barnegospelfest m/ 4U laurdag kl. 14.00 inkl. mat og T-shirt kr. 120,-
1						
2						
3						
4						

**FOR UTSENDINGAR:**

Utsendingar betaler ei årsmøteavgift på kr. 150,- til å dekkja felleskostnader.

FORENINGA/LAGET SITT NAMN\_\_\_\_\_

NAMN PÅ UTSENDING\_\_\_\_\_

Påmelding innan 14. juni!

**Husk at alle må mælda seg på til enkeltmåltid sjølv om ein ikkje er utsending!  
Gjeld måltid både laurdag og sundag!**

**Overnattingsstader som kan nyttast i høve Indremisjonssamskipnaden sitt årsmøte i Ølen 24.-26. juni 2011.**

**Brandøy** (Indremisjonskontoret tlf. 53 41 07 04)

Ca. 20 minutt å køyra til Ølen.

Kr. 265,- pr natt inkl. frukost.

Kr. 880,- for heile helga fredag - lørdag  
inkl. alle måltid.

Maks pr. familie kr. 2200,-  
inkl. alle måltid.

**Ølen Båthavn**

Kr. 130,- pr døgn.

Tilgong til toalett og dusj.

**Ølen Gjestegård** (tlf. 53 76 61 00)

Kr. 890,- pr. døgn for enkeltrom.

Kr. 1090,- pr. døgn for dobbelrom.

**ASK bobilparkering** (tlf. 53 76 82 76)

Ca. 5 minutt å køyra til Ølen.

Kr. 100,- pr. døgn + straum kr. 30,-

Her er det ikkje tilgong til toalett og dusj.

**Bjordalstunet, Vikebygd** (tlf. 905 32 502)

Ca. 30 minutt å køyra til Ølen.

**Gamlatunet, Vikebygd** (tlf. 924 99 576)

Ca. 35 minutt å køyra til Ølen

**Bobil/campingvogn på Ølen Skule**

Kr. 100,- pr. døgn + straum kr. 30,-

Det vert laga til oppstillingsplass for bubar og campingvogner ved Ølen Skule.

Det vert tilgong til toalett og dusj i gymsal på skulen.

I tillegg kan det ordnast med privat overnatting. Meld frå på innmeldingsskjemaet.

# Sakliste til forhandlingsmøte, årsmøte 2011

## 1. Konstituering

- a) Val av møtedirigent og varadirigent
- b) Val av to til å føra møteboka
- c) Val av to til å signera møteboka

## 2. Årsmeldingar

- a) Indremisjonssamskipnaden
- b) Barne og ungdomsavdelinga  
(Meldingane frå Framnes, Helgatun  
og Brandøy vert teken til orientering)

## 3. Rekneskap

- a) Indremisjonssamskipnaden
- b) Brandøy
- c) Framnes Eigedom  
(Rekneskapen for Helgatun  
vert teken til orientering)

## 4. Korte rapportar/innlegg

- a) Framnes KVS
- b) Brandøy
- c) Helgatun

## 5. Val

- a) Formann for 1 år
- b) 3 styremedlemmer for 2 år
- c) 3 vararepresentantar for 1 år
- d) Val- og fullmaktsnemnd
- e) Val av revisor
- f) Val av 2 medlemer til BUR for 2 år
- g) Val av 3 vararepr. til BUR for 1 år

## 6. Samtale om arbeidet

# Framlegg frå val- og fullmaktsnemnda

## Formannskandidatar:

- 1. Edmund Thormodsæter, Halsnøy
- 2. Kristoffer Tjelle, Skånevik

## Styremedlemer:

- 1. Den som ikkje vert vald til formann
- 2. Halvard Wiik, Fitjar
- 3. Birgit Mørkve Hjelmeland, Dimmelsvik
- 4. Kåre Stautland, Finnås
- 5. Knut O. Dale, Odda
- 6. Anfinn Økland, Auklandshamn

## Varamedlemer:

- 1.-3. Dei som ikkje vert vald til styret
- 4. Trygve Samnøy, Eikelandsosen
- 5. Marit Lindekeleiv, Husnes
- 6. Mariann Milje, Stord

Frå tidlegare sit desse eitt år til:

Bjørn Saghaug f. 1971, Stord  
Iren Sævik Mæland f. 1975, Mosterhamn  
Torunn Tvedt f. 1951, Ølensvåg

## Presentasjon av formannskandidatar



**Edmund  
Thormodsæter**

Fødd 1952, Halsnøy. Entreprenør. Tidlegare formann i Tofte indremisjon. Har òg vore med i barnearbeidet i bedehuset Zoar i mange år. Tidlegare varamedlem til Samskipnadsstyret, no formann.



**Kristoffer Tjelle**

Fødd 1954, Skånevik. Bonde og driv mjølkeproduksjon i samdrift. Har vore med i arbeidet på bedehuset sidan han kom attende til bygda etter utdanning og militærteneste. Har vore med i styret for Skånevik Indremisjon i mange år, no som formann. Er medlem av Samskipnadsstyret.

# Presentasjon av kandidatar til styrevalet



## Halvard Wiik

Fødd 1949, Fitjar. Arbeidar i administrasjonen i Fitjar kommune. 8 år i styret i Fitjar Indremisjon, av dette 4 år som formann. Søndagsskulemedarbeidar ca. 10 år. Fitjar KrF, styremedlem og styreleiar. 4 år i Fitjar kommunestyre. Styreleiar i Radio Fitjar, ca. 4 år. Styremedlem i stiftinga Fitjar Bedehus. Nestformann til Samskipnadsstyret.



## Birgit M Hjelmeland

Fødd 1957, Kvinnherad. Sjølvstendig næringsdrivande (lefsebakar). Barnearbeid. Søndagsskulelærar i over 20 år og medlem av krinsstyret deira i 7 år. Medlem av Kvinnherad sokneråd i to periodar. Medlem av Samskipnadsstyret.



## Kåre Stautland

Fødd 1954, Bremnes. Bussjåfør. Aktivt med i arbeidet i Gilje og Thormodsæter indremisjon. Har tidlegare vore med i søndagsskulen og 8 år i soknerådet. Er varamedlem til Samskipnadsstyret.



## Knut O. Dale

Fødd 1951, Odda. Lærar i den vidaregåande skulen i 31 år. Medlem i Samskipnadsstyret i 4 år, varamedlem i 2 år. Møtt fast som varamedlem i Helgatunstyret dei siste to åra. Medlem i styret for Odda bedehus, kasserar i 13 år og formann dei siste 6 åra. Formann i Odda Indremisjon frå 2011, og styremedlem i nærmere 10 år. Leiar i Odda sokneråd i 5 år. Meddommar i Tingretten.

## Varamedlemskandidatar:



### Trygve Samnøy

Fødd 1973, Eikelandsosen. Jobbar på lakseoppdrett. Er kasserar på sjuande året i Bedehuset i Eikelandsosen. Har vore 4 år i KrF-styret i Fusa.



### Anfinn Økland

Fødd 1948, Auklandshamn. Ingeniør innan olje og gass. Ansatt ved Aibel Haugesund. Tidlegare medlem av Brandøystyret. Leiar ungdomsklubben ved Auklandshamn bedehus i ca 10 år. No styremedlem i bedehusstyret og med i yngresarbeidet. Leiar av Sveio kyrkjelege fellesråd. Har i eindel periodar vore ein av KrF sine representantar til kommunestyret. I denne perioden medlem av formannskapet og hovudutval teknisk/næring. Er leiar av Sveio KrF.



### Marit Lindekeleiv

Fødd 1953, Husnes. Utdanna førskulelærar, arbeider no som organist. Har tidlegare vore aktiv i det lokale korarbeidet. Har vore varamedlem og fast medlem av Samskipnadsstyret.



### Mariann Milje

Fødd 1958, Stord. Med i styret for Stord Indremisjon i fleire periodar. Har vore med som leiar i barnekoret Levande Lys. Leiar for Fredagsklubben for born frå 5.-7. klasse. Leiar for cellegrupper for ungdom. Jobbar i dag 50% på SunnBok.

# Presentasjon av kandidatar til BUR (Barne- og UngdomsRådet)



**Morten Habbestad**  
Fødd 1993, Urangsvåg.  
Skulelev, 2. året idrettsfag, Stord vid. skule.  
Medleiar i KRIK Bømlo.  
Leiar i nyoppstarta U-Alpha Laurhammar.  
Med i Pit-Stop komitéen.



**Benita Lambrechts**  
Fødd 1994, Stord.  
Skulelev 1. året musikklinja, Stord vid. skule. Har vore medleiar i skulelaget. Styremedlem i UKS Leirvik. Leirleiar.



**Margrete Lauksund**  
Fødd 1994, Sagvåg.  
Skulelev, 1. året Helse og Sosial, Fitjar vid. skule.  
Har vore leiar i Skulelaget, Nysæter ungdomsskule.  
Er medlem i tre ungdomsråd; Nysæter kyrkje, Stord kommune og Bjørgvin Bispedømme. Leiar på barnedans/kor i Nysæter kyrkje. Kyrkjetenar i Nysæter kyrkje.



**Tora Litlabø**  
Fødd 1994, Stord.  
Skulelev, 1. året restaurant og matfag, Fitjar vid. skule.  
Har vore leiar i skulelaget, Stord ungdomsskule.  
Leirleiar.



**Per Gunnar Nordbø**  
Fødd 1984, Halsnøy.  
Arbeider på Elecon, Stord. Konfirmantleiar på Zoar. Ei av drivkreftene bak "Drop-in".  
Påtroppande ungdomsarbeid på Zoar. Har tidlegare drive ulikt ungdomsarbeid på Randaberg.



**Jakob Saghaug**  
Fødd 1994, Stord.  
Skulelev, 1. året idrettsfag, Stord vid. skule.  
Formann i UKS Leirvik.  
Leiar Junior Ving Leirvik.  
Med i Pit-Stop komitéen.  
Leirleiar.



**Kjerstin B. Teigen**  
Fødd 1992, Valen.  
Lærling på skule, barne- og ungdomsarbeiderfaget.  
Leiar på Valen Ope Hus, KRIK Husnes og Nattcafé.  
Med i Pit-Stop komitéen.  
Leirleiar.

**Desse er no med i BUR og sit eitt år til:**

Merete Solås f. 1974, Mosterhamn  
Audun Vedøy f. 1981, Fitjar  
Renate Røsslund f. 1994, Husnes

Det skal veljast inn to medlemmer og tre varamedlemmer til BUR.

# Årsmelding 2010

"Då steig Jesus fram og tala til dei;  
"Eg har fått all makt i himmelen og på  
jorda. Gå difor ut....."

Matt. 28.16-20.

Når me ser attende på det 147. arbeidsåret i Indremisjonssamskipnaden si historie, har me fått vore med på mange rike og flotte samlingar, og kjenner gleda ved å treffa så mange trufaste misjonsfolk som står på år etter år i bygdene våre. Dei store høgdepunkta har nok vore Sommarens Storsamling - årsmøte i Norheimsund/Framnes og Haustumøte på Stord. Det er viktig å halda oppe stormøta. Dei gjev inspirasjon til vidare teneste i Guds rike. Her ser me at me sanneleg er ein stor "familie" i Indremisjonssamskipnaden.

Det er mykje som har endra seg dei seinare åra, både i samfunnlivet og på det åndelege planet. Ja, også i misjonsarbeidet. Det er mangt me kan sakna når me ser tilbake, men me vil ikkje gå baklengs inn i framtida. Me vender oss mot framtida og let dei gode røtene og historien me har gje oss drivkraft og retning til å møta dei utfordringar som ligg framføre oss. Me vil gå vidare med Jesus. Me vil bryta nytt land for Guds rike. Me vil nå folket i Sunnhordland, Hardanger og Voss med Guds ord, og då særleg den opp-veksande slekt fordi kvar ny generasjon må få møta Jesus Kristus.

Kallet står fast, oppgåvene er mange, og saman vil me stå med i forbøn, offer og villig teneste. Med frimod kan me så Ordet ut fordi me veit at; evangeliet er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur. Så er det godt å tenkja på at løftet frå Jesus står fast:

".....Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står."

Matt. 28.16.-20.

## MØTEVERKSEMDA

Hovudmålet for IMS er å nå ut med Guds ord til folket. Difor har forkynninga av Guds ord vore det sentrale i arbeidet heilt sidan starten i 1864. I 2010 har me lagt til rette for møteveker, bibelhelger, song- og musikkmøte, sundagsmøte, bibeltimar, familiemøte,

barnemøte m.m. Me ynskjer å halda oppe og styrkja møteverksemda i bygdene våre og gler oss over at mange foreiningar og kontaktpersonar framleis spør etter forkynnunar. "Så kjem då trua av bodskapen ein høyrer, og bodskapen kjem ved Kristi ord" seier Paulus i Rom. 10.17. Difor står me saman med alle foreiningane i felles teneste for å så Guds ord til folket i Sunnhordland, Hardanger og Voss.

## FOREININGANE

IMS er summen av alle lokale lag og foreiningar, og det er den lokale foreining som er grunnelementet i vårt indremisjonsarbeid. Det er på lokalplanet evangeliet skal få slå rot i den enkelte, og på den måten veks Guds rike fram i bygdene våre. Frå IMS si side vil me så langt me maktar, vera til støtte og hjelp for det lokale arbeidet. Difor er det viktig at me opprettheld ein nær og god kontakt. På den måten kan me stå saman om forkynnartenesta, leirarbeidet, skipa til fellesmøte, leiarsamlingar, haustumøte, vintermøte, senda ungdom til Framnes KVGS m.m.

Ikkje minst er det viktig at me held oppe eit godt barne- og ungdomsarbeid. Ei ny positiv utfordring som melder seg er den nye dåpsopplæringsplanen til Den Norske Kyrkja. Her kjem det signal om at fleire sokneråd ynskjer å motivera born i ulike aldrar til å nytta våre barnelag som ein del av dåpsopplæringsplanen. Dette kan gje oss ei enno breiare kontaktfalte.

Skal den oppveksande slekt bli nådd med evangeliet må me setja alt me kan inn på å styrkja det lokale arbeidet i bygdene. Og der det ligg til rette, ynskjer me å skipa nye foreiningar og lag nettopp for å nå folket med Guds ord.

I IMS er det no:

* Indremisjonsforeiningar .....	68
* Kontaktar .....	32
* Kvinneforeiningar .....	16
* Mannsforeiningar .....	3
* Andre lag og foreiningar .....	6

Barne og ungdomslag:

* IUF-lag .....	21
* Ungdomskor .....	3
* Barnekor .....	14
* Barnelag .....	34
* Småbarnslag .....	4

Til saman er dette 201 lag, dette er ein nedgong på 9 lag siste året.

## BEDEHUSA

Ved mange av bedehusa våre er det stor aktivitet, både med samlingar for barn, unge og vaksne. Dette gler me oss over, og me har stor tru for at bedehuset og misjonsarbeidet har ei viktig framtid i møte med dei nye utfordringane tida i dag gjev oss.

Lat oss difor vera optimistiske, stå på, og gle oss over alt det gode og byggjande arbeidet me får vera med i.

Så er det slik at nokre stader er det vanskelig å halda oppe eit aktivt og regelmessig foreningsarbeid. Og då det er kostbart og ressurskrevjande å halda oppe drifta av bedehuset, er det einskilde bygder med få innbyggjarar som finn det mest føremålstenleg å leggja ned arbeidet og selja bedehuset. Ting endrar seg med åra og nokre stader finn ein det mest naturleg å samlast om møte og aktivitetar i bedehuset i nabobygda.

Dette veit me kan vera ei tung og vanskelig avgjerd for dei som høyrer til i foreininga og har hatt dette som sin åndelege heim. Når ein lokalt finn at det er rett å selja bedehuset, vil IMS freista å hjelpe til slik at ein kan finne best mogeleg løysing for dette og for misjonsarbeidet vidare. Dei økonometriske midlane som IMS får ved slike sal ynskjer ein å nytta på ein god og strategisk måte, gjerne i samråd med dei som har høyrt til bedehuset.

## ARBEIDARANE

Nokre av foreiningane våre har tilsett eigne arbeidarar som dei sjølv lønar.

Øystese og Norheimsund Indremisjon har ungdomsarbeidar i 100% stilling. Voss Indremisjon har forsamlingsleiar i 60% stilling og musikkarbeidar i 20% stilling. Stord Indremisjon har hatt forsamlingsleiar i 100% stilling fram til 1. juni 2010.

Liv Rolfsnes har si teneste som områdeskretær i Odda og Ullensvang, i tillegg til at ho utfører forkynnarteneste i IMS.

Den daglege leiinga i Samskipnaden har i 2010 vore delt mellom Svein Bjarne Aase som misjonssekretær i 50% stilling, og Arne Lindeklev som dagleg leiar i 25% stilling fram til 1. juli 2010. Frå 1. juli har Svein Bjarne Aase hatt ansvar for den daglege leiinga. Framleis i 50% stilling. I tillegg har kontorsekretær Guri Bjørnevik fått nokre fleire oppgåver som tidlegare låg på dagleg leiar.

### Arbeidarane i 2010 var:

Arne Lindeklev  
Dagleg leiar 25%  
(fram til 1. juli)

Svein Bjarne Aase  
Misyonssekretær 50%  
(fram til 1. juli)

Svein Bjarne Aase  
Dagleg leiar 50%  
(frå 1. juli)

Guri Bjørnevik  
Kontorsekretær 80%

Toralf Steinsland  
Forkynnar 100%  
(frå 1. juli pensjonist)

Kåre Johan Hamre  
Forkynnar 100%

Marit A. Røen  
Evangelist 50%  
(30% frå 1. juni)

Liv Rolfsnes  
Områdesekretær 60%  
(100% frå 1. august)

Marit Hårklaus Ådnanes  
Barne- og ungdomssekreter 80%

Ragnhild Nesse  
Barne- og ungdomsarbeidar 100%

Lise Marie Th. Litlabø  
Barne- og familiearbeidar 60%

Aksel Ingvard Johannessen  
Forkynnar 20%  
(frå 1. september)

Miriam Sakseid  
T2 student/eittåring  
(frå 15. august)

Tilsette av lokalforeiningar:  
Knut Kvamme  
Forsamlingsleiar Voss 60%  
  
Hildebjørg Djupvik  
Song- og musikkansvarleg Voss 20%  
  
Aksel Lygre  
Forsamlingsleiar Stord 100%  
(fram til 1. juni)

Vidar Sangolt  
Ungdomsarbeidar  
Norheimsund/Øystese 100%

Tilsette på Brandøy:  
Sigrun Thormodsæter  
Husmor 100%

Anne Gro Dogan  
Kokk 100%

I tillegg til desse har vi fleire "fritidsforkynnurar" som utfører ei stor og viktig teneste for misjonen. Dette betyr svært mykje økonomisk. I 2010 var desse ute på møteveker eller einskildmøter: Jens Tveit, Nils M. Rydland, Halvard N. Sveen, Aksel Lygre, Edmund Thormodsæter, Liv Stokken, Marit Dahl Hollund, Håkon C. Hartvedt, Ingebrigt Sørfonn, Harald Rydland, Arne Lindeklev, Helga Hausken, Ola Malvin Lomheim, Dagny Ness, Astrid og Lars Reinlund, Toralf Steinsland og Arne Opsahl-Engen.

Frå Indremisjonsforbundet og Bibelskulen Bildøy: Erik Furnes, Jostein Skutlaberg, Roald Evensen, Tor Ingvald Lauvraq, Arnfinn Norheim, Kjetil Fyllingen, Marta og Edgar Paulsen, Andreas Evensen, Roald Kvam, Edvard Foss, Marit Stokken, Irene Krokeide Alnes, Olav og Jorunn Eikemo, Aud Karin Kjølvik, Kenneth Foss, Torgeir Lauvås, Stine Mari Brynestad, Leiv Nesheim, Karl Johan Hallaråker og IMF-teamet.

Frå andre organisasjonar og DNK:  
Per Hjemdal, Geir Sakseid, Jan Gossner, Kørner Høie, Ingebjørg Berstad Torp, Tor Østang, Johnn Hardang og Klaus Muff.

I tillegg har mange song- og musikkrefreter teke del ved ulike arrangement og på den måten vore med å gje inspirasjon og fornying.

### ARRANGEMENT:

Sommarens Storsamling, Årsmøtet i 2010 var i Norheimsund/Framnes.

Det lokale arbeidet er svært viktig, men misjonsfolket treng også felles møtestader der ein kan verta inspirert og som kan gje identitet. Årsmøta i IMS har gjennom alle år vore ein slik viktig arena for arbeidet vårt.

Lokalkomiteen hadde lagt ned eit utruleg stort arbeid med å tilrettelegga for eit flott arrangement. Framnes var fylt opp med om lag 350 gjester.

Eit lokalt orkester, solistar og forsongarar hadde lagt opp ein strålende fredagskveld med "Minnest du songen".

Det var stor oppslutning om dei ulike møta i idrettshallen med 500 - 600 menneske på fleire av samlingane. Spesielt gledeleg var den gode oppslutningen av unge familiar som kom og var med heile helga. Det som også var spesielt dette året var at me hadde invitert tidlegare medlemer av SSSS-koret til ei "reunionsamling". Dei som kom danna eit kor som deltok på fleire av møta. Dette var svært positivt.

Elles var også i år Sunnhordlands-musikken, under leiing av Lars K. Vik og Trygve Eiken, med oss på årsmøte. Dei har halde på i 21 år og har vore trufast med på dei fleste årsmøta sidan starten. Sunnhordlandsmusikken pregar årsmøte med si deltaking og me gled oss over deira trufaste teneste.

Me har i strategiplanen vår at me skal satsa på familiar også i storsamlingane våre. Dette viser igjen i programmet for årsmøtet. I år hadde me fått barne-evangelist Jarle Waldemar til å ha barnegospelfest, familiekonsert og storfamiliesamling. Dette slo svært godt an og me gledde oss over alle borna og alle dei unge familiene som kom.

Hovudtalar dette året var generalsekretær Erik Furnes. Han hadde både bibelttime laurdag føremiddag, tale på kveldsmøte laurdag kveld og tale på festmøte sundag føremiddag. Erik Furnes gav mykje i forkynninga si og årsmøte vart såleis eit godt inspirasjonsmøte for misjonsarbeidet me står i.

Forhandlingsmøte samla i overkant av 120 utsendingar. Den lokale arrangementskomiteen i Norheimsund/Framnes hadde gjort eit stort og godt førebungsarbeid slik at ramma omkring møta og den praktiske tilrettelegginga var svært bra.

## **Haustmøte**

Haustmøte på Stord 8.-10. oktober vart og i år ei storsamling. For andre året på rad var rektor ved Høgskolen i Staffeldsgate i Oslo, Jan Gossner, med som talar. Møta fredag kveld og laurdag ettermiddag var på Leirvik bedehus, medan festmøte på laurdag kveld var i Kulturhuset. Her deltok gode song- og musikkrefter leia av Tor Østang. Haustmøte haldt fram på søndag med deltaking i Stord kyrkje og Bremnes kyrkje, og med lokale haustmøtesamlings på 10 ulike stader søndag ettermiddag og kveld. På desse samlingane var det IMS sine eigne arbeidrar som var talarar.

## **Sommarstemner**

Sommarstemna har ein lang og rik tradisjon. Sjølv om det er blitt færre slike stemne dei seinare åra, er det likevel god oppslutnad om fleire av samlingane. Mange opplever stemna inspirerande og verdifulle, der ein samlast frå fleire bygder. I 2010 vart det halde 8 stemne med talar frå IMS. Det var: Eikelandsosen, Venestemne Fitjar, Pinsestemne Tysnes, Vines, Auklands-hamn, Solheimsalen på Tysnes, Moster Amfi og Brandøy.

## **Brandøydagen**

Dette året vart Brandøydagen noko heilt spesielt. Ekstra mykje folk var samla til stemne og glede var stor då varaordførar i Vindafjord på vegne av Kongen overrekte Kongens fortenstmedalje til husmor Sigrun Thormodsæter. Sigrun har hatt si teneste på Brandøy i over 40 år og har vore ein svært trufast medarbeidar. På sin stillfarne og gode måte har ho lagt ned eit enormt stort arbeid til stor glede for alle som har vore gjester på Brandøy. Gjennom Sigrun si teneste har Guds rike nådd ut til tusenvis av born, ungdom og vaksne.

Sokneprest Per Hjemdal og Liv Rolfsnes var talarar på Brandøydagen, medan Decor og Shine gledde oss med flott song. Her vart solgt lapskaus, kaffi og kaker. Det var aktivitetar for liten og stor. Me hadde ein strålende stemnedag.

## **PREP-kurs Samlivskurs**

Dette året fekk me tilbod om å vera med å arrangera eit samlivskurs, såkalla PREP-kurs. PREP kan hjelpe par til å ha større glede av forholdet og set søkelyset på det som kan styrke samlivet. På PREP-kurset er det både humor og alvor. Det handlar om kjærleik, forventning, glede, moro og venskap, men aller mest om kommunikasjon. Målet er at par skal læra å kjenne igjen kva slags konfliktar som kan skade eit forhold, og få nokre verkty til å forbetra kommunikasjonen og til å løysa problem. Liv og Audun Vevatne saman med Bjørg S. K. Torvund hadde undervisninga på kurset som vart halde på Høgskulen på Stord. Kurset var fullteikna og svært vellukka.

## **Damehelg på Brandøy**

Dette året vart det arrangert Damehelg på Brandøy. Dette er eit nystarta arrangement og denne helga vart svært vellukka. Ein eigen komité hadde lagt ned eit stort arbeid for å få denne helga i stand. Marit Elisebet Totland frå Kvinnerherad var talar, og tema for helga var "Nåde". Tilbakemeldingane var eintydige i at dette var noko som IMS måtte fortsetja med.

## **Haustkonferanse på Helgatun**

Dette er også på mange måtar ei nyvinning i arbeidet vårt. Tidlegare har det vore Inspirasjonssamlings eller Leiарhelger rundt nyttårstider. Då dette synte seg å vera vanskeleg å få til av ulike grunnar gjekk me i gong med Haustkonferanse i slutten av oktober. Dette slo godt til. Om lag 50 deltakarar var samla til ei inspirerande helg der rektor på Bildøy, Roald Kvam og skuleprest Arne Opsahl-Engen var talarar. I tilegg deltok Helgatun-folket og nokre av våre eigne arbeidrar. Me ynskjer å løfta fram aktuelle tema på Haustkonferansen som kan vera til inspirasjon og hjelp for det lokale indremisjonsarbeidet i bygdene.

Av andre arrangement kan nemnast: Brandøytreff . Weekend-samling tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming. Vårtreff på Brandøy for dei over 60 år. Kvinnehelg på Brandøy. Kvinnehelg på Helgatun.

Dette er samlingar som er blitt viktige møtepunkt til inspirasjon og fornying for dei ulike grupper av misjonsfolket, og der mange kjem att år etter år.

## **Lokale leiarsamlings**

Også i 2010 har me hatt nokre leiarsamlings rundt om i området vårt. Dette er viktige kveldar der me får samtala om arbeidet med dei lokale leiarane. Og me får konstruktive innspel på kva som er behovet i det lokale indremisjonsarbeidet. Samstundes ser me at det også er behov for å oppdatera nye lokallagsleiarar på røtene våre og samanhangen me står i. Tilbakemeldingane fra leiarsamlingsane har vore positive og det syner seg å vera eit behov for desse samlingane.

## **Julemessene**

Julemessene på Bremnes og på Tysnes er framleis svært viktige for misjonsarbeidet vårt. Dei gjev ei viktig inntekt som betyr mykje for økonomien. I tillegg er dette ein møtestad som samlar mykje folk utanom dei aktive bedehusfolka, messene er såleis ein verdfull arena for å nå fleire med Guds ord. Frå julemessene i 2010 kom det kr. 143.800 frå Bremnes og kr. 85.000 frå Tysnes til Indremisjonssamskipnaden sitt misjonsarbeid.

## **FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN**

Framnes KVGS, Brandøy og Helgatun er svært viktige reiskap i misjonsarbeidet vårt. Her kjem det store grupper av born, unge og vaksne som ein elles ikkje når gjennom det vanlege lags- og foreningsarbeidet. Her driv me skule, leiarar, kurs m.m. i tilegg til at Framnes, Brandøy og Helgatun vert leigt ut til mange lag og grupper. Her når me langt ut med evangeliet, og me veit at dette betyr mykje for svært mange. Syner til eigne årsmeldingar.

## **MEDIA**

### **IndremisjonsVenen**

Bladet er eit svært viktig kontaktorgan ut til misjonsfolket. I 2010 kom bladet ut med 6 nummer og opplagstalet er i underkant av 4000. Me ser det som viktig å koma ut med informasjon om det arbeidet me står i og spreie oppbyggjegleg stoff. IndremisjonsVenen gjev oss ei kontaktflate som er avgjerande for oss.

Bladet betyr også mykje for økonomien. Kvart år blir det sendt ut fire brev med giroar til abonnentane. Inntekta frå desse gáveaksjonane er heilt avgjerande for økonomien til IMS. Jan-Ove Fagerheim har ansvar for layout på IndremisjonsVenen, og Svein Bjarne Aase er redaktør.

## Radio Samson

IMS sin eigen nærradio, Radio Samson, har gjennom heile 2010 sendt radioprogram kvar sundag morgen frå kl. 09.00 til kl. 10.00. Her kan lyttarane få med seg forkynning, song og musikk, dagens konkurranser, reportasjar frå møte og ikkje minst intervju med personar frå området vårt.

Me får gode tilbakemeldingar frå misjonsfolket som lyttar til Radio Samson. Radioprogramma vert sendt over radio Sunnhordland sin frekvens. Det betyr at me må leiga oss inn med sendetid der. Me er fornøgd med samarbeidet og er blitt godt teken imot, men p.g.a ein del teknisk svikt over radio Sunnhordland er det nokre program som ikkje er blitt sendt. Dette vonar me blir betre i framtida.

Toralf Steinsland har gjort, og gjer, ein stor jobb for Radio Samson. Det er takka vera hans innsats me har kunna hatt sendingar kvar sundag, og me er svært glade for den flotte jobben han gjør.

Styret for nærradioen er: Svein Bjarne Aase, Halvard Wiik, Tormod Stautland og Dag Myhre.

## Heimesida [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

På heimesida kan du finna mykje god informasjon om arbeidet i IMS. Her legg vi ut aktuelt stoff, reportasjar og leirinformasjon m.m. Gjennom internett og heimesida er me og meir tilgjengeleg for publikum, og me veit at mange nyttar heimesida ved påmelding til leirar. Elles har me linkar til Helgatun, Framnes, og SunnBok. Rolf-Atle Rolfsnes har hatt hovudansvar for å laga sida, han er og Web-redaktør.

## SunnBok A/S

Bokhandelen SunnBok er med å spreia god kristen litteratur, song og musikk, og er ein viktig reiskap for Indremisjonsarbeidet. Går du inn på heimsida deira, [www.sunnbok.no](http://www.sunnbok.no) blir du oppdatert på tilboda dei har og kan ringja inn å få tilsendt bøker, cd-ar m.m.

Årsrekneskapen for 2010 syner

eit lite underskot på kr. 12.536,-. Me er takksame for den entusiasme og innsats styret og tilsette legg for dagen for å halda oppe ei god drift av SunnBok. Dagleg leiar er Tove Iren Notland og styreleiar er Astrid K. Steinsland.

## ØKONOMIEN

Misjonsrekneskapen syner eit overskot på kr. 90.930,-.

Dei ordinære gáveinntektene har auka med kr. 162.435,- i høve til 2009.

Skal me makta å halda oppe det store og viktige misjonsarbeidet me har og møta dei utfordringane som ligg framom oss, er det viktig at me styrkjer økonomien. Me er glade og takksame for alle som trufast støtter arbeidet med gáver.

## SAMSKIPNADSSTYRET

Fram til årsmøte 2010 var styret samansett slik:

Harald Heie (formann)  
Halvard Wiik (nestformann)  
Ingvard Teigland  
Knut O. Dale  
Marit Lindekleiv (permisjon)  
Bjørn Saghaug  
Birgit Mørkve Hjelmeland  
  
Iren Mæland (1. vara)  
Edmund Thormodsæter (2. vara)  
Torunn Tvedt (3. vara)

Etter årsmøte 2010 er styret samansett slik:

Edmund Thormodsæter (formann)  
Halvard Wiik (nestformann)  
Torunn Tvedt,  
Iren Sævik Mæland  
Bjørn Saghaug  
Birgit Mørkve Hjelmeland  
Kristoffer Tjelle  
  
Kåre Stautland (1. vara)  
Knut O. Dale (2. vara)  
Andreas Remen Evensen (3. vara)

Styret har i 2010 hatt 6 styremøte og handsama 65 saker.

Av saker som har vore handsama kan nemnast: Økonomi- og budsjettarbeid, planlegging av større møte og godkjenning av program. Det har òg vore drøfta spørsmål vedrørande arbeidarsituasjonen og framtidig dagleg leiar i IMS.

## TAKK

Styret vil retta ei varm takk til alle misjonsvener som trufast støttar opp om arbeidet, både lokalt og det arbeidet som IMS har ansvar for. Takk for forbøn. Takk for pengegåver, dugnadshjelp og elles deltaking ved ulike leirar, møte og samlingar.

Takk til alle tilsette som òg i 2010 har utført tenesta på ein så flott og trufast måte. Det gjeld forkynnaraane våre, både dei fast tilsette og "fritidsforkynnaraar". Det gjeld barne- og ungdomsarbeidarane, tilsette på kontoret, tilsette på bedehus, tilsette i området, på Framnes, Helgatun, Brandøy og SunnBok.

## Guds rike signing i tenesta.

Edmund Thormodsæter  
*Formann*

Halvard Wiik  
*Nestformann*

Torunn Tvedt

Iren Sævik Mæland

Bjørn Saghaug

Birgit Mørkve Hjelmeland

Kristoffer Tjelle

Kåre Stautland  
*1. varamann*



## Radio SAMSON

Sendingar kvar sundag kl. 09.00 - 10.00.

### DU FINN OSS PÅ RADIO SUNNHORDLAND

**Stord 104,7 MHz, Bømlo 107,9 MHz,**

**Kvinnherad: 106,2 MHz, Os: 103,7 MHz**

\* BE FOR SENDINGANE.

Lytt til Radio Samson kvar du enn er i verda!  
**[www.radiosunnhordland.no](http://www.radiosunnhordland.no)**

# Årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet 2010

## Tilsette

Ragnhild Nesse  
Barne- og ungdomsarbeidar, 100 %  
Lise Marie Thuestad Litlabø  
Barne- og familiearbeidar, 60 %  
Marit Hårklaus Ådnanes  
Barne- og ungdomssekreter, 80 %  
Miriam Sakseid  
T2-elev (frå august)  
Vidar Sangolt  
Barne- og ungdomsarbeidar  
i Norheimsund og Øystese, 100 %

## Lagsarbeidet

I 2010 har me hatt 76 aktive barne- og ungdomslag, fordelt slik:

21 ungdomslag  
3 ungdomskor  
14 barnekor  
34 barnelag  
4 småbarnslag

Det vert drive eit stort arbeid rundt i bygdene, både for born og ungdom. Dei faste møtestadane er av uvurderleg betydning både åndeleg og sosialt for dei unge. Takk til alle de leiarar som trufast står på. Veldig kjekt er det at me fekk fleire ungdomslag i 2010; På Framnes starta dei Framnes kr ungdomslag. På Halsnøy fekk me Ekstremt Gøy som er eit KRIK-liknable tiltak, og på Fitjar vart ungdomslaget starta opp att på nytt. Det er veldig inspirerande for oss arbeidrar å få koma rundt i bygdene og treffa dei unge med sine leiarar.

## Frivillige

Me er veldig godt fornøgde med ordninga som vart starta i 2008 med at "frivillige" reiser rundt på barne- og ungdomslagsbesøk. På den måten rekk me over fleire lag - og hyppigare besøk. Det er også flott at fleire vert engasjerte i arbeidet. Det gir ein vinn-situasjon for begge partar. Me vert inspirerte og får ny glød. Desse er frivillige barne- og ungdomslags-arbeidar: Norvald Ådnanes, Kjerstin Stokken, Rannveig Petterteig, Toril Langeland, Jostein Angeltveit, Nina Aase Larsen, Merete Solås og Kjetil Fyllingen.

## Leiarar

2009	2010
22 leiarar	21 leiarar
1102 deltagarar	1029 deltagarar
222 leiarverk	212 leiarverk

Leir samlar mange unge på leirplasane våre, Helgatun og Brandøy. Spesielt kjekt er det at ten-helgene på Brandøy har så stor pågong og skiweekend for 8. kl og oppover på Helgatun. Me var også spente på korleis det ville fungera å ha ungdomsleir på Brandøy i august, i staden for juni slik me tidlegare har hatt det. Men før ferien var 40 ungdomar påmeldte, og leiren vart gjennomført med 59 deltagarar. Me satsar difor på dette i 2011 også. Veldig kjekt er det også at me fekk gjennomført Ten-sommarslag for 8. kl og oppover på Helgatun denne sommaren. Den gjekk ut i 2009 på grunn av få påmeldte. I påska valde me å gjennomføra påskefestival for 8. kl og oppover på Brandøy som gjekk over fire netter. Me kutta så ut påsketreff for 1. vidaregåande og oppover på grunn av lite deltaking på denne dei siste åra. Barneleirane har samla bra med folk både på Helgatun og Brandøy, spesielt er det aldersgruppa 5.-7. klasse som vil på leir. På grunn av frose vatn på Brandøy, måtte diverse miniadventshelga på Brandøy avlysast like før jul. Elles samlar juniorhelga på Brandøy, for 4-9 år med fylgle, mange folk; rundt 100 stk var med her i 2010. Også familieleiren på Helgatun samla fulle hus, medan det var mindre folk på familieleiren på Brandøy dette året. Uansett deltaking; fellesskapet på leir er fantastisk å få oppleva og set minne for livet.

## Leirleiarar

Det er uvurderleg at frivillige ungdomar og voksne stiller opp og bruker av fritida si for å vera leirleiarar. Det har stort sett ordna seg bra med leirleiarar gjennom året. Mange ungdomar tilbyr sjølv at dei vil reisa på leir som leiarar. Det er eit initiativ

me set stor pris på. Me prøver å få til ei god blanding av voksne og unge leiarar på kvar leir, i tillegg til at me også ser på interesser og oppgåver som skal utførast. Me er ulike og når på den måten dessutan ulike deltagarar. Mange flotte relasjoner oppstår på leir mellom deltagar og leiar. Å vera leiar på leir er god leiartrening.

## Forbedarar

Dagane på leir går i eitt. Me er difor svært glade for dei 65 forbedarane me har i leirarbeidet vårt. Forbedarane får i forkant av leiren tilsendt deltarliste, program og anna informasjon. Under, før og gjerne etter leiren ber dei for deltagarane m/familie, leiarar og det som skal føregå.

## Leirleiarfest

15. januar 2010 vart alle leirleiarar gjennom det siste året inviterte til leirleiarfest på Brandøy. Festmat, mimering og godt fellesskap er ein viktig del av denne kvelden. Ingelin Reigstad Norheim og Bildøyelevar bidrog med song og KRIK-leikar m.m. Kenneth Foss hadde innlegg om utfordringar og glede ved å vera leirleiar.

## Andre arrangement

### Barne- og ungdomsleiarkonferanse

I forlenginga av leirleiarfesten arrangerer me BULK, barne- og ungdomsleiarkonferanse, på Brandøy 16.-17. januar. Aud Karin Kjølvik hadde bibeltimar: "Guds hjarte for deg" og "Guds hjarte for den andre". Kenneth Foss hadde seminar: "Korleis kan vi driva eit godt og veksande barne- og ungdomsarbeid?". Her vart det også tid til gruppessamtale om arbeidet. Ingelin Reigstad Norheim og Bildøyelevar deltok med lovesong, seminar om barnekorarbeid og KRIK-leikar. Dei hadde også konsert seit laurdag kveld. Dette er ei viktig helg for påfyll og å kunne oppleva det gode fellesskapet.

## **Sommarens storsamling,**

### **Norheimsund/Framnes 25.-27. juni**

Årsmøtet er for mange eit høgdepunkt i løpet av året. Me ynskjer og at dei unge skal oppleva det slik, og prøver difor å ha eit attraktivt tilbod også for denne aldersgruppa. I år hadde me Jarle Waldemar med oss. Rundt 80 barn deltok på barnegospelfesten han leia laurdagen med avsluttande konsert. Waldemar hadde også flott opplegg på søndagsskulen og andakt på ettermiddagsmøtet søndagen. Ungdomane hadde sitt eige sommarparty i bassenget fredag kveld, ungdomskonsert laurdag kveld med etterfylgjande bålkos og samling søndag føremiddag ute i det fri. Det er godt for dei unge å kjenna at dei er ein del av noko større, og mange fekk eit positivt møte med Framnes og Norheimsund denne helga. Me er glade for det gode samarbeidet me fekk med lokale folk i Norheimsund på barne- og ungdomsopplegg medan forhandlingsmøtet føregjekk laurdag.

### **Brandøydagen**

Søndag 22. august var nærmere 400 menneske, unge og eldre, samla på Brandøy. Og det vart ein Brandøydag utanom det vanlege då Sigrun Thormodsæter vart heidra med kongens fortjenestmedalje for 40 år trufast teneste. Rundt 60 born var med på barneopplegget føremiddagen. I pausen var det pallespringing og leikar før heile "storfamilien" samlast til ettermiddagsmøte. Decor og Shine deltok med song og Liv Rolfsnes og Per Hjemdal heldt tale.

### **Inspirasjonssamlingar**

I september 2010 vart det gjennomført inspirasjonssamlingar for barne- og ungdomlagsleiarar i Øystese og omegn, på Voss og på Halsnøy. Å møta leiarane i laga er eit viktig satsingsområde. Me i IMS vert på den måten betre kjent med leiarane og deira arbeid, og me lagar ein viktig møtearena for dei lokale leiarane til å snakka saman om arbeidet.

### **LIS-weekend**

Sjølv om me i 2009 valde å avslutta samarbeidet med NLM-ung Hauge-sund om LIS-forum, leartreningskveldar midt i veka, har me gått for samarbeid om LIS-weekend. 17.-19. september vart denne gjennomført på Solgry. Roald Kvam, rektor på Bildøy,

var med som bibeltimehaldar med tema: "Å leia medan Gud ser på." Elles hadde me ulike seminar, teambuilding og flott fellesskap. Nærare 50 ungdomsleiarar var samla denne helga, der ca. 20 av dei var frå IMS-samanheng.

### **Haustfestival**

Med friskt mot arrangerte Miriam Sakseid og gode medarbeidarar haustfestival på Leirvik bedehus torsdag - laurdag 14.-16. oktober, i haustferien. På dagtid var det lovesongs- og bønesamlingar, aktivitetar og middag m.m. Om kvelden var det møte, lovesongs- og delekveld, konsert med open scene og kafédrift. Mange ungdomar fann vegen til bedehuset på kveldstid, og tilbakemeldingane er gode. Me satsar difor på Pit-Stop (haustfestival) hausten 2011 også.

### **T2-student**

For nokre år sidan starta Bildøy bibelskule med tilbod for andreårsstudentar. Opplegget gjekk ut på at ein student skulle vera 22 veker ute i praksis og 15 veker på skulen med undervisning og oppfølging. Hausten 2010 starta Miriam Sakseid som T2-student med praksisplass hos oss i IMS. Ho har hovudsakleg vore engasjert i ungdomsarbeid, men også noko i 5.-7. klasse. Fleire har også møtt henne som leiar på leir. Me har gjort veldig gode erfaringar med denne ordninga, og er glade for å ha Miriam med i medarbeidarstabben.

### **Framnes**

Me er glade for å vidareutvikla den gode kontakten og samarbeidet med skulen vår i Norheimsund. Me har deltatt på enkeltmøte gjennom året, skuleavslutninga før jul og dessutan vore der over fleire dagar både i vår- og haustsemesteret. Det er fint å få nærmere kontakt med elevar og personalet på denne måten. Med rundt 270 elevar er det nettopp på Framnes at me har vårt største ungdomsarbeid.

### **BUR**

IMS sitt barne- og ungdomsråd har i 2010 hatt seks møte, og handsamma 47 saker. Ei av BUR sine hovudoppgåver er å vera rådgivande organ for barne- og ungdomsavdelinga. Dei har også vore med på planlegginga og gjennomføringa av BULK i januar og Ten-helga på Brandøy i november.

Formann i BUR har i 2010 vore Gunnhild Hystad. Elles vart desse vald med i BUR under årsmøtet: Merete Solås, Renate Røssland, Audun Vedøy og Camilla Myklebust. Varamedlemer har vore Silje Hallaråker, Kjell-Kristian Nordhaug og Jan Rune Spissøy.

### **Glede**

Sjølv om me i periodar opplever hektiske dagar i arbeidet, opplever me stor glede med det me held på med. Me er privilegerte som får treffa så mange flotte unge på leir og i lagsamanheng. Takk til de lokale lagsleiarar som tar så godt imot oss. Det gir oss stor inspirasjon å sjå kor godt de tar vare på dei unge i laget og bryr dykk. Å jobba tett innpå dykk leiarar på leir er også både lærerikt, utfordrande og fantastisk!

Me har ein jobb som positivt utfordrar oss. Dagane er aldri like. Takk til deg som stikk innom kontoret, og tek oss og arbeidet med i bønene dine. Me treng deg!

**Men Talsmannen, Den heilage  
ande, som Far skal senda i mitt  
namn, han skal læra dykk alt og  
minna dykk på alt det eg har sagt  
dykk. Fred etterlæt eg dykk, min  
fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk  
ikkje fred på same måten som  
verda gjer det. Lat ikkje hjartet  
dykkar uroast, og ver ikkje mot-  
lause!** Joh. 14,26-27

Gunnhild Hystad  
(formann)

Merete Solås

Audun Vedøy

Renate Røssland

Camilla Myklebust

Marit Håklau Ådnanes  
(barne- og ungdomssekr.)

# Årsmelding for Helgatun 2010, 38. driftsåret

## Verksemda

Årsmeldinga for Helgatun skal vera eit tilbakeblikk. Samtidig vonar me den kan få vera ei kjelda til inspirasjon og kveik for vidare satsing. Heimen har ei spesiell driftsform med mange utfordringar. Det er ikkje så lett å lesa, korkje av års melding eller rekneskap, den store verdien av å ha misjonsstasjonen Helgatun. Det er ein alkoholfri og kristen plass som svært mange gjester set stor pris på. Misjonsprofilen som Helgatun vil halda, pregar drifta på mange vis.

## Overnattingar

Overnattingane er grunnlaget for drifta. I 2010 hadde me 9200 overnattingar mot 7551 i 2009, ein auke på 1649 gjestedøger, frå 2009. Vinteren 2010 gav oss den største auken, men også perioden frå august til oktober vart svært bra.

## Bygningar/Inventar/Utstyr

I 2010 fekk me endeleg teke "Huset i skogen" i bruk, med to flotte husvære. Litt før påske sto dei klare til innflytting og bruk. Mykje av møblane og utstyret til kjøkken i begge husværa vart gitt som gåver. Husværa har vorte nytta mykje i gruppesamanheng, men også i periodar til sjølvhushald. Tilbakemeldingane på husværa har vore svært gode. Ute har det vorte rydda ein del skog mellom bygningane! I haust vart også toaletta i kaféen renovert! Veggene vart plata, golva flislagde, nye toalett og skiljeveggene og dørene vart måla! Alt arbeidet vart gjort på dugnad. På anekset vart dei store familieromma renoverte. Bada vart teke for nokre år sidan, no sto romma for tur. Alle møblane vart pussa ned og målte, veggene og skapdørene vart også målte. På golva fekk me nye fine teppefliser! Det meste av arbeidet her vart gjort av damene i staben på Helgatun!

## Økonomi/Gåver

Dette året kan me takka for kr. 746.952,25 i ordinære gåver og kr. 35.200,- til nedbetaling av gjeld. Også i 2010 har me hatt kontoen for "Ned med gjelda på Helgatun". Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på kr. 116.023,-. Gåvene er då medrekna her. Som det går fram av rekneskapen er me avhengig av gåver og dugnadshjelp for at staden kan drivast som ein misjonsstasjon. Takk til kvar einskild som ser verdien i Helgatun, takk for alle gåver, naturalia og all god dugnadshjelp. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilet av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

## Turane

Helgatun er med i Reisegarantifondet og kan dermed驱ra som turoperatør. Langturen i år gjekk til Skien. Her vart det dagstur med båt gjennom slusene på Telemarkskanalen, tur til Kongsberg med besøk i den mektige kyrkja i byen og besøk i Bergverksmuseet! På turen til Skien var me innom heimbygda til Åsmund Olavson Vinje, der møtte me Ellen Nordstoga som song til oss og fortalte frå grenda Vinje. Ein inspirerande tur med mange flotte naturopplevelingar og godt åndeleg fellesskap. Sunnhordlandstreffet for ytre strok samla bortimot full buss denne gongen. Eit flott treff med mange rike og gode opplevelingar. På treffet for indre strok samla me 30 personar, og me hadde rike dagar og godt fellesskap. Turane og treffa betyr uendeleg mykje både for deltakarane og for Helgatun. Kontakten med misjonsfolket er verdifull. Tenkjer og på all forbør me er omslutta med og alle gåvene me får gjennom dette arbeidet.

## Brukargrupper

Helgatun er brukt av svært ulike grupper. Samskipnaden arrangerer sine leirar for born, unge og vaksne. Generasjonsleiren, familieleiren og adventshelga var det spesielt flott deltaking på. Personalet på Helgatun har ansvar for mange faste arrangement gjennom året. Her vil me nemna: Kombileir, påskeoppenthal, pinsetreff, eldretreff, Helgatuntreff med busstur, to Sunnhordlandstreff, weekend for dei mellom 45 og 66 år, kvinnestemne og juleoppenthal. Dette krev mykje av personalet, men det gir også mykje inspirasjon og velsigning. Konfirmantleirar har det vore fleire av. Ulike misjonsorganisasjonar og lag har lagt sine turar og weekendar til Helgatun. Her har vore årmålsdagar og andre familiesamlingar. I sumarhalvåret vert det ein del turisttrafikk, men ikkje så mange gjester frå andre land. Vintersesongen er nok den me ser største auke i. Her fekk me fleire nye skuleklassar inn midt i veka.

## Styrbustaden

Styrbustaden har me brukt til supplering for overnatting, utelege i kortare og lengre periodar. Nokre av dei som har vore på dugnad her har også budd der.

## Personalet

Anny Berge og Solveig Norheim har vore fast tilsett i 100 % stillingar. Solveig Norheim har vore dagleg leiar. Anny Berge har vore sjukmeld frå 3. november. Ingvild Reistad Afdal har hatt full stilling som kokk. Irene-Marit Halland har også vore med som kokk i periodar. Inger Selland Norekvål har vore deltidstilsett gjennom heile året med auka stillingsprosent frå 1. november. Marie Reistad Afdal har vore her fram til 1. august. Hans Ivar Guddal har vore tilsett frå 1. august. Nokre

av dei pensjonerte "damene frå Dalen" har hjelpt oss enkelte dagar. Sigrid Berge frå Øystese, Torunn og Lars Holmedal frå Utåker og Valborg og Olav Numedal frå Voss har hjelpt oss mykje i dugnadssamanheng. Fleire unge jenter frå Dalen her har også hjelpt oss enkelte periodar. Personalet gjer ein stor innsats for Helgatun.

### Styret

Desse har vore med i styret:  
Formann: Ingvard Teigland, nestformann Arvid Måkestad, styremedlemmer: Nils Olav Fedje, Bjarne Hauge og Norunn Kinne. Vararepresentantar: Kåre Johan Hamre og Knut O. Dale. Frå hausten 2010 har Birgit Hjelmeland gått inn som styremedlem og Bjarne Hauge gått inn som vararepresentant.  
Styret har hatt 4 styremøte og hand-sama 27 saker.

Ingvard Teigland  
*Formann*

Bjarne Hauge

### Helgatun Helsing

Det vart sendt ut to nummer av Helgatun Helsing i 2010. Verdien av HH er uråd å måla, me veit at den er stor og nyttig både til marknadsføring, givartenesta og god informasjon til lesarane. Det ser me på gávebarometeret og påmelding til dei ulike arrangementa. Responsen har vore stor så snart bladet har kome ut.

### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2010 for Helgatun er satt opp under føresetnad av framleis drift.

### Arbeidsmiljø

Helgatun arbeider med å etterleve internkontrollforskriftene. Me har god kontakt med bedriftshelse-tenesta og næringsmiddeltilsynet. Det har ikkje vore skader eller ulukker av alvorleg karakter på Helgatun i 2010.

### Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

### Takk

I tenesta på Helgatun har me så uendeleg mykje å takke for. Takk til alle som har stått med oss i tenesta. Takk for forbøn og omtanke. Takk for dugnads- og arbeidsinnsats. Takk for pengegåver, naturalia og andre gåver. Takka går først og fremst til Han som kalla oss til tenesta og som stod med gjennom alt. Han velsignar rikeleg.

Vossestrand 26.04.11

Nils O av Fedje

Solveig Norheim  
*Dagleg leiar*



## Arrangement på Helgatun

Pinsetreff 10.-14. juni  
Talar: Karl Johan Hallaråker

Helgatuntreff m/busstur til Førde, Balandet og Værlandet 05.-10. august  
Talarar: Astrid og Lars Reinlund

Sunnhordlandstreff, Indre 15.-19. august  
Talar: Jens Tveit

Sunnhordlandstreff, Ytre 29. august - 02. september  
Talar: Svein Bjarne Aase

Weekend 45-66 02.-04. september  
Talarar: Brit Margon og Arnfinn Norheim

Påmelding til  
Helgatun tlf. 56 51 98 98

*Av nåde  
alt jeg  
får...*

# Årsmelding for Brandøy

*Hitinntil Herren har hjulpet så vel, Inntil i dag, til i dag*

Denne songstrofa passar perfekt på Brandøy. Herren har hjelpt. Dei dagane då arbeidet hopa seg opp og ting ikkje gjekk etter planen. Dei dagane då rekningane vart større enn forventa. Han har hjelpt i små kvardagslege ting og i store ting.

## Aktivitet

I år har her vore 21 eigne arrangement, medrekna basar og stemne. Nytt i år var damehelga i februar. Minileiren i november måtte avlysast på grunn av at vatnet fraus.

Fleire bygder og organisasjoner legg opp eigne helgar. Det er ofte dei same som kjem att, år etter år. Ellers har her vore fleire konfirmantleiarar, bryllup, konfirmasjons- og bursdagsselskap. Ei gruppe frå England var her ei veke.

Utanom dei som berre var på dagsbesøk har her vore 6276 gjestedøgn.

## Utstyr/Bygningar

Heller ikkje dette året unngjekk me frosne vannrøyr. Det viser seg at når det er mange kuldegrader ute og heile annlegget treng oppvarming har me ikkje nok straumkapasitet til å dekka behovet. For å ordna på dette er det nå installert varmepumper i matsal, møtesal og peisestove. I tillegg er det og pumpe med nytt enøksystem for oppvarming av vatn. Loftet er etterisolert og det er lagt varmekabler på vannrøyra.

Etter 20 års bruk var putene i sofaene på internatromma utslitne. Det vart kjøpt inn stoff og nokre damer har sydd nye trekk. Det er ikkje lite arbeid og dei fortener stor takk for det dei har gjort.

## Dugnad

Også i år er det gjort mykje arbeid på dugnad. Haust og vår var her eigne familiedugnadshelger. Då vart mykje arbeid gjordt, både ute og inne. Elles har me hatt hjelp med utvasking etter arrangement. Her har og vore frivillig vaktmeister-teneste gjennom vinteren. Kvar torsdag har det kome nokon og teke seg av ting som trøng gjerast.

All dugnaden betyr mykje både for økonomien og for at fleire på den måten er med og tek ansvar for plassen.

## Økonomi

Som rekneskapen viser er det ein liten auke i utelege inntektene. Gåvene har og gått litt opp. Så har og utgiftene gått opp. Straumutgiftene har vore særskilt høge i år. Det vart og mange utgifter med tanke på vannskadene og ekstra arbeid med førebygging av dette.

## Takk

Styret har hatt 5 møter og 34 saker har vorte handsama. Dei takkar alle som på ulike vis støttar opp om leir-

staden. Uten forbøn, gåver og dugnadshjelp ville det vorte vanskeleg å driva på Brandøy. Takk til dei som sender borna på leir og ellers brukar plassen.

Bjarte Nordtun, *formann*

Rakel Saghaug, *nestformann*

Alf Jarle Langeland

Guri Bjørnevik

Alfred Litlabø

Oskar Feed, *1. varamann*

Eivind Hetland, *2. varamann*

Svein Bjarne Aase, frå Samskipnaden

Sigrun Thormodsæter, frå Brandøy

**Brandøydagen 2011**  
21. august

**Kl. 11.00 Stormøte**  
Tale: **Klaus Muff**  
Song: **Rejoice**  
Eige barnemøte i hallen  
Offer til Indremisjonssamskipnaden

**Sal av mat**  
Lapskaus og pølser  
Kaffi og kaker  
Kiosken vert open

**Familieaktivitetar for store og små!**

**Kl. 14.30 Familietreff**  
Tale: **Marit Andresen Røen**  
Song: **Rejoice**  
Offer til Brandøy

Brandøystyret og arbeidarane i Indremisjonssamskipnaden vert med!

**Alle er hjartelig velkomne!**



# Årsmelding for Framnes kristne vidaregåande skule

## Om verksemda

Framnes kristne vidaregåande skule driv skuleverksemد og er godkjend etter Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova). Verksemda held til ved Norheimsund i Hordaland og er eigd av Indremisjonsforbundet og Indremisionssamskipnaden.

Framnes har 60 tilsette. I tillegg er det 6 elevar som har timebaserte avtalar på reinhald. Skulen leiger også reinhaldstener av LT Hordaland. Rekneskapen vert ført av Kvam rekneskapskontor.

Dei tilsette ved Framnes gjer ein stor innsats for å nå skulen si faglege og åndelege målsetjing. Me oppmodar også eigarane og misjonsfolket om å vere med Framnes i bøn og aktivt arbeid for at Framnes kan ha ein stab som deler indremisjonen sitt åndelege og faglege skulekall.

Våren 2011 er det 254 elevar ved skulen. Det er noko mindre enn kva me kunne tenkt oss. Skulen har i dei aller fleste faga like god eller betre skår til eksamen om ein samanliknar med fylket eller det nasjonale nivået. Samstundes trivest elevane ved skulen mykje godt både med kvarandre og med lærarane. Dette gjev skulen godt skussmål mellom elevane og i miljøa dei ferdast i. Søknaden til komande skuleår har også vore noko betre enn i fjar. Det er gledeleg, for det vert lagt ned mykje arbeid i rekruttering, både av personalet, elevane og tidlegare elevar. Samstundes bed styret om hjelp og støtte frå eigmatmiljøa rundt i landet til dette arbeidet.

IMS hadde årsmøtehelga i Norheimsund dette året. Framnes fekk vere ein ledd i dette arbeidet med å vere vertsskap for overnatting og mat samt nokre av møta og aktivitetane. ImF hadde i september 2010 regionsamlinga for ImF-skulane på Framnes. Det er både kjekt og viktig å få delta i indremisjonen sitt arbeid på denne måten.

Rektor og fleire av dei tilsette har delteke på samlingar og møte i regi av eigarorganisasjonane. Me på Framnes er takksame for å få lov til å delta i desse samanhengane. Skulen ser også arbeidet til Kristne Friskolers Forbund (KFF) som ei viktig støtte til skulen sin aktivitet, både i forhold til myndigheitene, men også på grunn av dei kursa KFF arrangerer. Skulen held dessutan på å avslutte eit strategi-utviklingsprosjekt som er gjennomført med KVS Bygland, KVS Lyngdal og Danielsen Videregående Skole.

## Åndeleg situasjon

Framnes har stor møteaktivitet, og det er ei viktig oppgåve for skulen å peike på Jesus som frelsar for den enkelte. Gjennom onsdagsmøte, søndagsmøte, minimøteseriar, 14 dagars seriar med teambesøk og bibelgrupper, prøver ein å leggje godt til rette for møte med Guds ord, forbønn og invitasjon til samtal om det å leve som ein kristen. Det er veldig stort når nokon vil ta i mot Jesus! Samstundes er det like stort at så mange ungdommar vert bevarte hos Jesus. Framnes er ein misjonsstasjon som er avgjerande for mange ungdommar i møte med kallet til omvendig og teneste.

## Rekneskap

Rekneskapen for 2010 er ikkje ferdig revidert i skrivande stund (ultimo mars). Tala her er derfor å rekle som mellombelse. Rekneskapen viser inntekter på kr. 40 748 014,-. Årsresultatet for alle avdelingane er kr. 4 102 184. Skuledrifta viser eit overskat på kr. 4 081 679,-. Anna drift har eit samla overskat på kr. 20 504.

## Styret

Styret handsama 73 saker og gjennomført eitt møte med personalet.

Styret har vore sett saman slik:

Karl Johan Hallaråker, formann, Arne Lindeklev, nestformann, Knut Hogstad Nielsen, styremedlem, Gudrun Skeie Langeland, styremedlem, Hans Kristian Bjelland, styremedlem, Jostein Skutlaberg, 1. vara., Ingvard Teigland, 2. vara., Reidulf Ørjavik, 3. vara. Frå personalet har desse delteke (med tale og forslagsrett): Sverre Lindøy (representant for pedagogisk personale) og Tor Tveitane (representant for sørvispersonalet). For elevane har Olav Kiland (elevrådsrepresentant) møtt, samt Harald Voster, rektor/sekretær for styret.

Harald Voster  
rektor



Velkommen til Elevstemne 17-19. juni 2011.  
Sjå [www.framnes.vgs.no](http://www.framnes.vgs.no) eller ta kontakt  
på tlf 56 55 05 00.

# Indremisjonssamskipnaden

## Resultatrekneskap 2010

Driftsinntekter	Note	2010	2009	2008	2007	2006
Gåver m.m.		3 800 417	3 637 982	3 248 754	3 215 782	2 991 549
Leigeinntekter		169 920	153 988	149 040	153 540	142 800
Anna driftsinntekt		<u>274 978</u>	<u>307 726</u>	<u>267 542</u>	<u>295 074</u>	<u>313 608</u>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b><u>4 245 315</u></b>	<b><u>4 099 696</u></b>	<b><u>3 665 336</u></b>	<b><u>3 664 396</u></b>	<b><u>3 447 957</u></b>
<b>Driftskostnader</b>						
Lønskostnader	1	2 506 294	2 736 348	2 607 363	2 606 319	2 220 719
Avskrivning på varige driftsmiddel	2	70 013	72 600	71 100	74 412	84 200
Anna driftskostnad	1	1 637 727	1 511 459	1 322 662	<u>1 424 092</u>	<u>1 647 597</u>
<b>Sum driftskostnader</b>		<b><u>4 214 034</u></b>	<b><u>4 320 407</u></b>	<b><u>4 001 125</u></b>	<b><u>4 104 823</u></b>	<b><u>3 952 516</u></b>
<b>Driftsresultat</b>		<b><u>31 281</u></b>	<b><u>-220 711</u></b>	<b><u>-335 789</u></b>	<b><u>-440 428</u></b>	<b><u>-504 560</u></b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>						
Renteinntekter		92 771	96 650	217 134	100 941	74 419
Andre finansinntekter		0	2400	0	435	53 241
Rentekostnad		2	249	1 403	<u>8 073</u>	<u>1 371</u>
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b><u>92 769</u></b>	<b><u>98 801</u></b>	<b><u>215 731</u></b>	<b><u>93 303</u></b>	<b><u>126 289</u></b>
<b>Resultat før ekstraordinære postar</b>		<b><u>124 050</u></b>	<b><u>-121 910</u></b>	<b><u>-120 058</u></b>	<b><u>-347 125</u></b>	<b><u>-378 271</u></b>
Skattekostnad	7	<u>33 120</u>	<u>15 254</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>
<b>Ordinært resultat</b>		<b><u>90 930</u></b>	<b><u>-137 164</u></b>	<b><u>-120 058</u></b>	<b><u>-347 125</u></b>	<b><u>-378 271</u></b>
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>						
Ekstraordinær inntekt	8	0	467 679	170 800	0	172 848
<b>Sum ekstraordinære inntekter</b>			<u>467 679</u>	<u>170 800</u>	<u>0</u>	<u>172 848</u>
<b>Årsresultat</b>		<b><u>90 930</u></b>	<b><u>330 515</u></b>	<b><u>50 742</u></b>	<b><u>-347 125</u></b>	<b><u>-205 423</u></b>

## Balanse 2010

Eigneluter		2010	2009	Eigenkapital		2010	2009
Eigedom	2	1 532 800	1 574 800	Fri eigenkapital	5	6 217 340	6 126 410
Inventar og utstyr	2	<u>46 200</u>	<u>47 100</u>	Evangeliseringsfond		<u>331 800</u>	<u>331 800</u>
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b><u>1 579 000</u></b>	<b><u>1 621 900</u></b>	<b>Sum eigenkapital</b>		<b><u>6 549 140</u></b>	<b><u>6 458 210</u></b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>				<b>Gjeld</b>			
Aksjar	6	129 000	129 000	Leverandørgjeld		71 910	68 227
Lån til Brandøy	4	1 000 000	1 000 000	Betalbar skatt	7	12 257	15 254
Lån til Framnes Eigedom	4	0	420 000	Skuldig trekk og off. avg.		332 520	328 717
Lån til Framnes Barnehage	4	40 000	0	Påløpt ferielønn		453 866	476 365
Lån til Ulvik Indremisjon	4	15 000	0	Anna kortsiktig gjeld		<u>12 000</u>	<u>39 799</u>
Lån til Helgatun	4	<u>1 500 000</u>	<u>1 600 000</u>	<b>Sum gjeld</b>		<b><u>882 553</u></b>	<b><u>928 362</u></b>
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b><u>2 684 000</u></b>	<b><u>3 149 000</u></b>	<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b><u>7 431 694</u></b>	<b><u>7 386 572</u></b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b><u>4 263 000</u></b>	<b><u>4 770 900</u></b>				
<b>Fordringar</b>							
Fordringar		229 225	62 215				
Andre fordringar		124 092	0				
Markedsbaserte aksjar	6	10 000					
<b>Bankinnskot og kontantar</b>	3	<b><u>2 805 377</u></b>	<b><u>2 553 457</u></b>				
<b>Sum Omløpsmidler</b>		<b><u>3 168 694</u></b>	<b><u>2 615 672</u></b>				
<b>Sum eigneluter</b>		<b><u>7 431 694</u></b>	<b><u>7 386 572</u></b>				

# Notar til årsrekneskapen for Indremisjonssamskipnaden

## Note 1 Tilsette, godtgjersler m.v.

Lønskostnader	2010	2009
Løn tilsette	4 167 143	4 326 723
Kollektiv pensjonsordning	190 720	234 760
Refusjon løn	-2 063 815	-2 243 945
Refusjon sjukeløn	-413 091	-276 353
Arbeidsgivaravgift	573 719	612 495
Andre personalkostnader	<u>51 618</u>	<u>82 668</u>
Sum lønskostnader	<u>2 506 294</u>	<u>2 736 348</u>
Talet på årsverk	11,5	12,5

## Godtgjersler

Dagleg leiarar	lønn	206 204	175 175
	anna godtgjersle	3 650	3 398
Revisor	revisjon	24 375	23 250
	andre tenester	20 000	5 625

Indremisjonssamskipnaden er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er oppretta pensjonsordningar som oppfyller krava i denne lova.

## Note 2 Varige driftsmiddel

	Gårdseigedom	Inventar/utstyr	Totalt
Innkjøpskost 01.01.	2 026 900	359 694	2 386 594
Tilgang	0	27 113	27 113
Avgang til innkjøpskost	0	0	0
Innkjøpskost 31.12.	2 026 900	386 807	2 413 707
Tidlegare avskrivingar	-452 100	-312 594	-764 694
Avskrivingar i år	-42 000	-28 013	-70 013
Balanseført verdi 31.12.	<u>1 532 800</u>	<u>46 200</u>	<u>1 579 000</u>

## Note 3 Bankinnskot

Av bankinnskot utgjer bundne midlar kr. 160 396,- for skattetrekk.

## Note 4 Langsiktig fordring

Lån til Brandøy er rente og avdragsfritt fram til 31.12.2012.

Lån til Framnes Eidedom er rentberekna med kr. 15 200,- for 2010.

Lån til Helgatun er rentberekna med kr. 48 000,- for 2010.

## Note 5 Eigenkapital

	2010	2009
Fri eigenkapital 01.01.	6 126 410	5 795 895
Årets resultat	<u>90 930</u>	<u>330 515</u>
Fri eigenkapital 31.12.	<u>6 217 340</u>	<u>6 126 410</u>

## Note 6 Aksjar

Aksjar i Sunnhordland Bok og Misjonssentral AS er oppført til kostpris kr. 97 500,-.

Markedsbaserte aksjar er aksjar i Mediehuset Vårt Land kr. 10.000. Gåve frå Stord Indremisjon.

Øvrige aksjar utgjer mindre postar.

## Note 7 Skattekostnad

Samskipnaden må betala skatt av nettoinntekt på utleigedelen når denne overstig kr. 140 000,-.

Skatten utgjer kr. 12 257,- for 2010 og kr. 20 863,- for tidlegare år.

## Note 8 Ekstraordinær inntekt

Inntekta i 2009 skriv seg frå sal av bedehus.

# Gåveliste 2010

	<b>2010</b>	<b>2009</b>		<b>2010</b>	<b>2009</b>
<b>BØMLO KOMMUNE</b>			<b>JONDAL KOMMUNE</b>		
Bremnes Sokneråd	10600,00	10635,00	Herand Indremisjon	5320,00	1850,00
Bømlo Indremisjon	33000,00	29000,00	Jondal Indremisjon	45045,00	26775,00
Bømlo Kvinneforening	46500,00	41000,00	Torsnes Misjonsforening		8250,00
Bømlo Sokneråd	4920,00		Solesnes og Svåsand Misjonsf.		800,00
Bømlo Musikklag		2000,00	<b>Sum</b>	<b>50365,00</b>	<b>37675,00</b>
Bømlo MiniMax	2000,00				
Decor		5000,00	<b>KVAM HERAD</b>		
Happy Mosterhamn		1000,00	Børshheim Indremisjon	2330,00	1116,00
Småbarnssong Moster		500,00	Den gamle norske kyrkja		1350,00
Open dør Finnås	607,00		Fosse Indremisjon	7300,00	6372,50
Espevær Krins	3500,00		Gravdal Indremisjon	1800,00	2450,00
Fredagskafe Foldøy	2000,00	400,00	Norheimsund Indremisjon	30000,00	16160,00
Foldøy Indremisjon		5581,50	Steinsdalen Indremisjon	2935,00	1000,00
Gilje Yngstes	4000,00	4000,00	Tørvikbygd Indremisjon	10000,00	15000,00
Gilje/Thormodsæter IM	46000,00	64000,00	Øystese Mannslag	15200,00	15600,00
Hiskjo Indremisjon	8000,00	5600,00	Ålvik Sokneråd	2045,50	216,50
Håvik Indremisjon	37363,00	28742,50	Øystese Indremisjon	910,00	
Unge Vaksne Håvik		1943,00	<b>Sum</b>	<b>72520,50</b>	<b>59265,00</b>
Innvær Indremisjon	3900,00	2610,00			
Junior Decor	500,00		<b>KVINNHERAD KOMMUNE</b>		
Laurhammar Indremisjon	60000,00	61000,00	Borgundøy Indremisjon	2540,50	
Laruhammer Yngstes	3000,00	2000,00	Bringedalsbygda Indremisjon	1400,00	2400,00
Lykling Sokneråd	1908,00	1086,30	Eid Indremisjon	1215,00	1575,00
Meling Barnekor	1760,00	1240,00	Barnekoret Happy		11540,86
Meling Indremisjon	28000,00	53301,00	Fatland krins		3000,00
Moster Indremisjon	18550,00	36405,00	Høylandsbygd Indremisjon	670,00	
Moster Sokneråd	4496,00		Fellesforeningane i Husnes		2006,00
